



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2013

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
14/223-2	2342/14	001	FSK/RAD/STDAL	

ÅRSMELDING 2013

INNHOLD:

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING	5
1. ØKONOMI	7
1.1 Hovudtal for drifta 2013	7
1.1.1 Inntekter	7
1.1.2 Utgifter	9
1.1.3 Driftsresultat	10
1.2 Investeringar 2013	10
1.3 Drift per eining	11
1.3.1 Sentraladm./politisk/støtte	12
1.3.2 Oppvekst	13
1.3.3 Helse og sosial	14
1.3.4 Landbruk og teknisk	15
2. PERSONAL	16
2.1 Organisasjonsdemografi	16
2.3 Arbeidsmiljø og sjukefråvær	17
2.4 Kompetanse	17
2.5 Rekruttering	18
2.6 Etikk	19
3. PROSJEKT, PLAN OG UTVIKLING	20
3.1 Investeringsprosjekt	20
3.2 Planarbeid	21
4. TENESTEOMRÅDA	22
4.1 Sentraladministrasjonen	22
4.1.1 Organisasjon	22
4.1.2 Politisk aktivitet	22

<u>4.1.2 Post og arkiv</u>	22
<u>4.1.3 Administrasjon og leing</u>	22
<u>4.1.4 Vedtaksoppfølging</u>	23
<u>4.1.5 VAL</u>	23
<u>4.1.6 IT</u>	23
<u>4.1.7 Personal</u>	23
<u>4.1.8 Innkjøp</u>	23
<u>4.1.9 Eigedomsskatt</u>	24
<u>4.1.10 Beredskap</u>	24
<u>4.1.11 Klima og energi</u>	24
<u>4.1.13 Økonomikontor</u>	25
<u>4.1.14 Kultur</u>	25
<u>4.1.15 Barne- og ungdomsarbeid</u>	25
<u>4.1.19 Kulturformidling</u>	26
<u>4.1.21 Friluftsliv</u>	26
<u>4.1.22 Ålment kulturarbeid</u>	26
<u>4.1.23 Folkehelse</u>	27
<u>4.1.25 Bibliotek</u>	27
<u>4.1.26 Tysneshallen</u>	27
<u>4.2 Oppvekst</u>	28
<u>4.2.1 Administrasjon</u>	28
<u>4.2.2 Politisk aktivitet</u>	28
<u>4.2.3 Visjonar og mål</u>	28
<u>4.2.4 Tilsyn</u>	28
<u>4.2.5 IKT</u>	28
<u>4.2.6 Skulane</u>	28
<u>4.2.7 Spesialundervisning</u>	29
<u>4.2.8 PPT</u>	29
<u>4.2.9 Blå skule</u>	29
<u>4.2.10 SFO</u>	29
<u>4.2.11 Kvalitetsindikatorar</u>	30
<u>4.2.11.1 Nasjonale prøver, resultatvurdering og oppfølging</u>	30
<u>4.2.11.2 Elevundersøkinga (2013-2014)</u>	31
<u>4.2.11.3 Grunnskulepoeng</u>	31
<u>4.2.11.4 Overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring</u>	31

<u>4.2.12 Kulturskulen</u>	32
<u>4.2.13 Vaksenopplæringa</u>	32
<u>4.2.14 Barnehagar</u>	32
<u>4.3 Helse og sosial</u>	33
<u>4.3.1 Administrasjon</u>	33
<u>4.3.2 Politisk aktivitet</u>	33
<u>4.3.3 Utviklingstrekk i etaten</u>	33
<u>4.3.4 Psykisk helseteneste</u>	33
<u>4.3.5 Helseavdelinga</u>	34
<u>4.3.5.1 Legekontor</u>	34
<u>4.3.5.2 Legevakt</u>	34
<u>4.3.5.3 Helsestasjon</u>	35
<u>4.3.5.4 Fysioterapi</u>	35
<u>4.3.5.5 Ergoterapi</u>	36
<u>4.3.6 Pleie- og omsorg</u>	36
<u>4.3.6.1 Tysnes sjukeheim</u>	36
<u>4.3.6.2 Open omsorg</u>	37
<u>4.3.6.3 Tenester for utviklingshemma</u>	37
<u>4.3.6.3.1 Bufellsskap</u>	37
<u>4.3.6.3.2 Dagsenter</u>	38
<u>4.3.6.4 Avsluttande kommentar</u>	38
<u>4.3.7 Sosialavdeling og barnevern</u>	38
<u>4.3.7.1 NAV sosialteneste</u>	39
<u>4.3.7.2 Barnevern</u>	39
<u>4.4 Landbruk og teknisk</u>	40
<u>4.4.1 Administrasjon</u>	40
<u>4.4.2 Politisk aktivitet</u>	41
<u>4.4.3 Plan og byggjesak</u>	41
<u>4.4.4 Kart og oppmåling</u>	42
<u>4.4.4.1 Kart</u>	42
<u>4.4.4.2 Oppmåling</u>	42
<u>4.4.4.3 Kommunale bustadtomter</u>	43
<u>4.4.5 Landbruk</u>	43
<u>4.4.6 Brann og redningstenesta</u>	44
<u>4.4.7 Teknisk drift</u>	44

<u>4.4.7.1 Felles internkontrolltiltak og vedlikehold alle bygg</u>	45
<u>4.4.7.2 Kommunale vegar, kaier og bruer</u>	46
<u>4.4.7.3 Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning</u>	47
<u>4.4.7.4 Kyrkjegardar</u>	47
<u>4.4.7.5 Utviklingstrekk og mål</u>	47
<u>ORGANISASJONSKART</u>	49

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

2013 har vore eit innhaldsrikt år i Tysnes kommune, med mykje godt å gleda seg over.

Rådmannen vil starta med å peika på at folketalet gjekk opp siste år. Etter ein dramatisk nedgang i første kvartal enda me til slutt med ein vekst på 9 personar, 0,3 %. Sjølv om tala ikkje er veldig høge så skal me gle oss over at pila peikar rett veg.

Tysnes kommune har også fått eit meir internasjonalt tilsnitt det siste året: Det vart gjennomført eit forprosjekt i samband med etablering av vennskapskommunar i Tanzania. Det vart gjort vedtak om mottak av flyktningar og i tillegg var det eit fjernsynsprogram som hadde fokus på ordføraren sitt initiativ andsynes «euro-flyktningar.»

Det kan også trekkjast fram at den kongelege leikehytta på Solstråleøya vart opna førre år – alle tysnesingar kan med rette vera stolte over det arbeidet som er gjort i samband med hytta og skulen sitt prosjekt knytt til den Blå skulen.

I høve til Tysnesfest synes fyrtårnet der å blenkja klårare for kvart år som går, også i fjor vart det rekordhøg deltaking med fantastisk stemning. Tysnesfest viser kanskje klarare enn nokon at det er mogleg for tysnesingane å dra i samla flokk.

I høve til lokalt næringsliv synes det å gå godt, noko me alle gler oss over. Det er også interessant å merkja seg at Tysnes no også er trekt fram som ein stor gründerkommune, det spirer og gror og mange nyttar seg av dei rettleiingstenestene kommunen tilbyr. Når me er inne på næringsutvikling så har me også sett veldig fine takter frå Tysnes sparebank som siktar vidare framover. Haaheim Gaard vart dekkja gjennom eit langt fjernsynsprogram på nasjonalt fjernsyn og har etter kvart vorte ein av dei tinga folk utanom øya tenkjer på når dei assosierer noko til kommunen vår.

Val av trasé for E39 vil frametter få stor betydning for Tysnes kommune både som bu- og arbeidskommune. Me ventar i spaning på at vegvesenet skal leggja fram planprogrammet for den statlege reguleringsplanen. Så snart korridorar vert valt må me kjenna vår tid og sjå på mogleg utvikling av omliggjande områder.

I den kommunale verksemda er det gjennomført ei rekkje større og mindre prosjekt og tiltak det siste året. Årsmeldinga kan synast lang når ein skriv ho, men når ein til slutt skal oppsummera ser ein at ho er så alt for kort. Her kan nemnast at kommunen har fått vedteke sin første planstrategi, at det vart etablert ein plan for bruk av kaiar, gjort prinsippvedtak om sal av aksjar i Tysnesbrua AS, vedtak om ombygging av Rådhuset, forprosjekt Tysnes skule, teikning av kontrakt på ny nettside, innmelding i Business Region Bergen og DIHVA, framlegging av bustadsosial handlingsplan 2013-16, eigarskapsmelding, overtaking av Smio i Uggdal, etablering av statusrapport for folkehelse, reorganisering av brann- feiing, revidering av finansreglement, avhenting av arkiv frå 1966-1995, innfasing av Web Cruiter, tilsetjing av rådmann og økonomisjef, kommunestruktur og ny leiar av Samarbeidsrådet i Sunnhordland for å nemna noko. Fleire av desse tilhøva får me høve til å koma tilbake til!

Ut frå eit ønskje om at ikkje årsmeldinga skal bli alt for lang ønskjer rådmannen berre å trekka fram eit arbeid særskilt, og det er arbeidet som er gjort i samband med nytt omsorgssenter.

Samla er det levert tre rapportar i prosjektet. To av desse var knytt til forstudien og til slutt vart det levert ein sluttrapport frå forprosjektet. Forstudien for nytt omsorgssenter er eit svært viktig strategidokument som legg føringar for den framtidige utviklinga av omsorgstenestene i Tysnes kommune. Forprosjektet legg grunnlag for at me over tid vil ha eit tenleg og godt omsorgssenter! No når papira er levert skal me ha det framtidige fokuset på å få spaden i jorda, helst så tidleg som mogleg

Rådmannen takkar dei tilsette i kommunen for jamn og tru innsats i meldingsåret! Politisk nivå vert også takka for godt samarbeid! Måtte me også i dei komande åra stå saman for å styrkja handlingsrommet til kommunen til beste for heile lokalsamfunnet!

Med helsing
Tysnes kommune



Steinar Dulland
rådmann

1. ØKONOMI

1.1 Hovudtal for drifta 2013

1.1.1 Inntekter

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012
DRIFTSINNTEKTER				
Brukarbetaling	-10 267	-9 649	-9 499	-9 135
Andre sals- og leigeinntekter	-17 134	-17 751	-17 751	-17 823
Overføringar med krav til motytelsar	-27 480	-19 124	-24 121	-28 805
Rammetilskot frå staten	-96 014	-100 253	-100 253	-95 009
Andre statlege overf.	-1 873	-2 373	-2 373	-2 312
Andre overføringar	-253	-	-	-46
Skatt på inntekt og formue	-65 823	-59 832	-59 832	-62 384
Eigedomsskatt	-5 167	-5 000	-5 000	-5 078
Sum driftsinntekter	-224 011	-213 982	-218 828	-220 592

Tabell 1.1: Driftsinntekter

Dei totale driftsinntektene syner ei auke på 1,5 % frå 2012 til 2013.

Rammetilskotet frå staten, som er den største inntektsposten, hadde ei auke på 1,1 %. At denne auken ikkje vart større må sjåast i samanheng med at me opplevde eit godt år for skatteinntektene, som auka med 5,5 %. Generelt er det slik at når skatteinntektene går opp vert rammeoverføringa redusert. Tilsvarande ligg det ei «forsikring» i ordninga ved at rammeoverføringa aukar dersom skatteinntektene fell.

Utfordringa med ei såpass svak auke i dei totale inntektene er at kostnadsnivået stig raskare enn inntektene. For 2013 var deflatoren (vekta pris- og lønsvekst i Noreg) på ca. 3 %. Den prosentvise auken i kostnadsnivået i samfunnet var såleis dobbel så stor som den tilsvarande auken i inntektene.

Med ei slik utvikling må tenestetilbodet stadig reduserast for å få budsjettet til å gå i balanse.




Diagram 1: Fordeling av inntekter

Diagrammet ovanfor syner samansetjinga av inntektene i Tysnes kommune for rekneskapsåret 2013. Rammetilskotet frå staten er som allereie nemnd den største posten, deretter kjem inntekt på skatt.

Det er relativt lite kommunen sjølv kan påverke på inntektssida i det korte biletet. Eit unntak er eigedomsskatten, som gjer at me kan ha ein viss handlefridom på investeringssida. I 2013 har satsen vore på 2 promille av avgiftsgrunnlaget, mens den vert auka til 3,8 promille i 2014. Ei slik auke er heilt naudsynt for å kunne realisere dei investeringane som ligg i økonomiplanen. I desse investeringane ligg mellom anna eit nytt omsorgssenter. Dei generelle inntektene som kommunen har er ikkje tilstrekkelege til å bera investeringar i denne storleiken.

I det lengre biletet er det avgjerande å ha ei positiv utvikling i folketalet, ettersom rammetilskotet vert berekna ut i frå innbyggjartalet og korleis alderssamansetjinga er.

1.1.2 Utgifter

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter inkl sosiale kostnader	154 887	151 598	150 504	151 040
Kjøp av varer og tenester	49 930	46 388	45 795	46 779
Overføringar	14 652	12 864	13 189	13 527
Avskrivningar	6 610	4 949	4 949	5 724
Fordelte utgifter	-4 367	-4 146	-4 146	-4 400
Sum driftsutgifter	221 712	211 652	210 291	212 669


Totale driftsutgifter (eks. avskrivningar) syner ei auke på 3,9 % frå 2012 til 2013.

Auka lønskostnad gjennom året vart 2,5 %. Samstundes viser kostnaden til pensjon ein auke på heile 13% i 2013. Denne auken utgjer ca. 2 millionar kroner. Den store auken i pensjonskostnad kan forkla- rast med det låge rentenivå me framleis har, samt at forventa levealder er oppjustert. Dette er forhold me som kommune ikkje kan påverka. Når dei totale lønskostnadene likevel viser ei såpass lav auke, på tross av den vesentlege auken i pensjonskostnaden, skuldast dette at timeomfanget utført av eigne til- sette vart lågare i 2013 enn i 2012. Utfordringa er såleis at me reduserer timeomfanget, men likevel ikkje klarer å ta ut ein økonomisk effekt som fylgje av auken i pensjonskostnaden.

Kjøp av varer og tenester auka monaleg i 2013. Ut over den generelle prisveksten kan dette forklarast mellom anna i auka innleige av personell til omsorgstenester, samt kjøp av tenester innanfor planområ- det. I planområdet inngår mellom anna næringsarealet på Dalland samt sentrumsplanen for Våge. I tillegg var 2013 det fyrste heile året der me kjøper tenester innanfor landbruksområdet.

Tysnes kommune si betaling til helseføretaka knytt til samhandlingsreforma utgjorde ca. 4,2 millionar kr. i 2013. Pr. innbyggjar utgjer dette kr. 1.514, noko som er 44 % høgare enn langsgjennomsnittet. Dette har dels med alderssamansetjinga på Tysnes å gjera. Etersom kommunen har såpass høge kost- nader til denne reforma har me fått eit eige tilskot frå Fylkesmannen. Likevel opplever me at ordninga er underfinansiert.

Samansetjinga av driftsutgiftene kan illustrerast som fylgjande :



Utgifter til løn og sosiale kostnader er den største delen av driftsutgiftene, og utgjør 70 % av totalen. Sosiale kostnader består i hovudsak av arbeidsgjevaravgift, feriepengar og pensjonskostnad. Som nemnd ovanfor auka pensjonskostnaden vesentleg i 2013.

1.1.3 Driftsresultat

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2013	Regulert budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012
Sum driftsinntekter	-224 011	-213 982	-218 828	-220 592
Sum driftsutgifter	221 712	211 652	210 291	212 669
Brutto driftsresultat	-2 299	-2 329	-8 538	-7 923
<i>Netto finans</i>	8 924	8 965	8 965	10 104
<i>Motpost avskrivningar</i>	-6 610	-4 949	-4 949	-5 724
Netto driftsresultat	16	1 687	-4 522	-3 542
<i>Overføring til investeringsrekneskap</i>	1 380	1 194	6 965	2 782
<i>Avsetning til bundne driftsfond</i>	1 515	787	787	1 131
Resultat	2 911	3 668	3 230	370
<i>Bruk av frie fond</i>	-1 463	-2 448	-2 448	-
<i>Bruk av bundne fond</i>	-1 447	-1 220	-782	-1 429
Udisponert resultat	0	0	0	-1 059

Brutto driftsresultat for 2013 vart på 2,3 millionar kroner, mens netto driftsresultat vart negativt med kr. 16.000.

Det er vidare overført 1,4 millionar kroner til investeringsrekneskapet, dette omfattar mellom anna eige kapitalinnskot i KLP.

Avsetning til bundne fond er på 1,5 millioner kroner. Delar av dette er midlar som er sett av til bruk dei neste åra innanfor sjølvkostområda renovasjon og kloakk. Samla vart desse avsetjingane vart 0,7 millionar kroner større enn budsjettet.

Resultatet før bruk av fond vart såleis -2,9 millioner kroner mot -3,2 millioner kroner i opphavleg budsjett. Underskotet vert dekkja inn av ein kombinasjon av frie og bundne fondsmidlar. Bruk av frie fond vart ca. 1 million kroner mindre enn budsjettet.

I åra framover vil det vera svært viktig å ha fokus på driftsresultatet. Sjølv om kommunen framleis har frie fond disponibelt til å dekkja underskot, må ein ha som mål å få drifta til å balansere. Dette er som tidlegare nemnd krevjande, då ein ser at utgiftene veks raskare enn inntektene. Sjølv om ein reduserer drifta innanfor enkelte område er det såleis vankeleg å få full effekt av desse reduksjonane.

1.2 Investeringar 2013

Totale investeringar gjennom året vart 6,1 millioner kroner, mot eit budsjett på 34 millioner. Avviket skuldast dels at nokre av investeringane ikkje lenger er aktuelle (til dømes Elsakervågen kai med 10 millionar kroner) og dels ei forskyving i tid på investeringar som vil koma dei neste åra (til dømes omsorgssenteret).

1.3 Drift per eining

<i>Tal i 1000</i>	Rekneskap 2013	Rev.budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Sentraladm./politisk/støtte	20 991	22 498	21 536	18 413	18 984
Oppvekst	56 470	57 092	55 472	57 291	53 708
Helse og sosial	68 070	66 849	63 385	66 537	61 987
Landbruk og teknisk	13 993	15 013	14 627	15 534	15 382
Sum einingar	159 525	161 452	155 020	157 774	150 061

Einingane syner eit samla mindreforbruk i 2013 på 1,9 millioner kroner mot regulert budsjett. Helse og sosial har eit meirforbruk på 1,2 millioner kroner.

1.3.1 Sentraladm./politisk/støtte

Tal i 1000		Rekneskap 2013	Rev.budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Sentraladm./politisk/støtte						
1100	Kommunestyre, formannskap, nemnder	4 328	5 219	5 291	3 455	3 938
1120	Rådmannskontor	3 619	4 111	3 672	4 348	3 596
1121	Eigedomsskatt	183	176	171	289	288
1130	Økonomikontor	4 298	3 969	3 789	3 688	3 393
1140	Utval/råd	126	181	181	179	135
1150	Administrasjonsbygg	728	896	874	672	746
1180	Fellesfunksjonar	1 545	1 697	1 697	1 076	2 058
1181	Tillitsvald	391	337	327	378	352
1192	Kommuneval – stortingsval	89	181	181	-	153
1430	Næringsutvikling	537	468	429	55	86
1432	Næringsbygg Heningen - Ensybygget	-	-	-	3	238
1434	Reiseliv	779	652	432	589	478
1440	Busetjing av flykningar	141	221	291	240	242
1455	Veterinær	105	132	127	116	104
1456	Veterinær samarbeid	0	-	-	6	7
1459	Andre næringsføremål	65	90	90	66	264
1460	Alkoholomsetnad -kontroll	14	1	1	-30	-11
1470	Miljø- og naturvernføremål	-	-	-	-	29
1500	Kultur	812	994	928	729	657
1501	Tysneshallen	340	340	340	340	340
1510	Bibliotek	543	549	518	543	472
1541	Friluftsliv	126	120	120	56	67
1542	Folkehelsekoordinator	137	86	-	45	-
1570	Kyrkjeleg administrasjon	2 054	2 054	2 054	1 543	1 332
1580	Truomssamfunn	31	24	24	27	21
Sum- Sentraladm./politisk/støtte		20 991	22 498	21 536	18 413	18 984

Området sentraladm./politisk/støtte har hatt eit mindreforbruk på 1,5 millioner kroner i høve til revidert budsjett. Av hovudpunkter kan det nemnast eit mindreforbruk på løn i store deler av 2013, mellom anna som fylgje av mellombels vakanse på personalkonsulentstillinga. På planområdet samla er det brukt mindre midlar enn budsjettert gjennom året.

For budsjettåret 2014 er rådmannskontoret og økonomikontoret slått saman.

1.3.2 Oppvekst

Tal i 1000		Rekneskap 2013	Rev.budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Oppvekst						
2000	Administrasjon oppvekstetaten	1 134	1 130	1 008	1 236	1 000
2100	Fellestiltak skulane	4 705	4 919	5 059	4 996	4 578
2110	Lunde skule	-	-	-	1 570	2 997
2120	Onarheim skule	2 841	2 869	2 825	2 687	2 580
2130	Reksteren skule	79	72	72	83	1 117
2140	Tysnes skule	22 749	22 499	22 124	23 573	23 038
2150	Uggdal skule	8 361	8 491	7 865	8 154	7 134
2200	Fellestiltak barnehagar	912	1 825	1 763	997	681
2201	Modulbarnehage Reiso	1 336	1 200	1 200	1 019	-
2210	Stjernereiso barnehage	5 833	5 493	5 150	5 611	4 772
2220	Onarheim barnehage	1 723	1 643	1 550	1 582	1 289
2230	Vågsmarka barnehage	3 031	3 391	3 188	3 418	2 951
2250	Lunde barnehage	2 916	2 691	2 548	1 967	1 287
2301	Kulturskule	927	933	879	865	881
2420	Invandr.- og flyktn.underv.	-78	-63	243	-467	-597
Sum Oppvekst		56 470	57 092	55 472	57 291	53 708

Oppvekst har i løpet av 2013 redusert kostnadane i høve til 2012. I all hovudsak er det lønskostnad innanfor skule som utgjer denne reduksjonen. 2013 var fyrste heile året med drift på Stjernereiso barnehage, samt nye Lunde barnehage. Ein av barnehagane fekk ei ekstra avdeling gjennom året som fylgje av tal på born, samt alderssamansetjinga. Denne ekstra avdelinga var ikkje budsjettet.

På skulesektoren fekk me nedlegging av Lunde skule. Trass desse endringane fekk me ein reduksjon i rekneskapstala på om lag ein million i forhold til rekneskap 2012. Dette viser at me har redusert monaleg på drifta, særleg på skulesektoren.

1.3.3 Helse og sosial

Tal i 1000		Rekneskap 2013	Rev.budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Helse og sosial						
3000	Helse- og sosialadministrasjon	987	1 295	1 169	1 492	1 300
3100	Offentleg legerarbeid	205	205	159	186	177
3110	Legekontor	3 048	3 222	2 777	3 330	3 053
3120	Helsestasjon/jordmorteneste	1 418	1 452	1 355	1 454	1 106
3130	Fysioterapi	1 235	1 283	1 255	1 144	925
3140	Ergoterapi	558	551	526	554	516
3200	Sosiale tenester	2 257	1 910	1 828	1 983	1 936
3201	Barneverntenester	3 280	4 040	3 909	3 023	3 580
3202	Edruskap	48	6	1	8	13
3300	Administrasjon	399	524	498	632	792
3301	Pleie og omsorg	43	-	-	13	122
3310	Tysnes sjukeheim	25 532	24 385	23 354	25 043	22 765
3330	Heimesjukepleie	9 354	8 590	8 221	9 028	8 048
3340	Heimehjelp	3 611	4 018	3 877	3 860	3 694
3351	Haugen bufellleskap	6 046	6 459	6 155	6 274	5 845
3352	Vågsmarka bufellleskap	4 624	4 492	4 114	4 057	4 099
3361	Trygde- og omsorgsbustader, Uggdal	-725	-788	-788	-813	-758
3362	Trygde- og omsorgsbustader, Våge	-1 101	-1 285	-1 285	-1 063	-1 138
3363	Trygde- og omsorgsbustader, Nymark	-359	-695	-695	-934	-825
3370	Psykatri	2 664	2 523	2 411	2 654	2 737
3400	Tiltak for funksjonshemma	2 684	2 294	2 294	2 366	1 998
3410	Dagsenter	1 688	1 746	1 668	1 702	1 426
3500	Bedriftshelseteneste	470	501	470	443	475
3600	Friviljugsentral	103	122	113	100	101
Sum Helse og sosial		68 070	66 849	63 385	66 537	61 987

Helse og sosial syner eit meirforbruk i høve til budsjett, samt ei auke i faktiske kostnader i høve til 2012. I omsorgsdelen (Tysnes sjukeheim og heimesjukepleien) er det eit relativt stort avvik mot budsjett. Dette skuldast fleire forhold. Tenestetilbodet må oppretthaldast kvar dag, og dette gjer oss økonomisk sårbar ved sjukefråvær og permisjonar. I 2013 har ein nytta innleigd arbeidskraft for å få vaktene til å gå rundt. Kostnaden ved ferieavvikling har vidare vore noko undervurdert i budsjettet for 2013, dette er forsøkt retta opp i budsjettet for 2014.

1.3.4 Landbruk og teknisk

Tal i 1000		Rekneskap 2013	Rev.budsjett 2013	Opprinneleg budsjett 2013	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011
Landbruk og teknisk						
4000	Landbruk- og teknisk administrasjon	543	409	396	1 124	945
4100	Jordbruk	1 108	1 089	1 089	1 150	1 115
4210	Skogbruk	-5	70	70	101	200
4220	Viltforvaltning	29	3	3	70	190
4300	Kart, oppmåling, skilting m.m.	697	432	356	510	1 168
4410	Brann	2 691	2 544	2 504	2 682	2 575
4420	Byggforvaltning	582	740	604	455	349
4500	Bygg- og eigedomsforvaltning	7 103	7 218	7 132	6 931	6 912
4560	Renovasjon	-150	11	-	-164	-45
4570	Kloakk	-404	-316	-330	-94	-554
4580	Vassverk	-	-	-	-2	10
4590	Vegar	1 800	2 814	2 803	2 771	2 517
Sum Landbruk og teknisk		13 993	15 013	14 627	15 534	15 382

2013 var fyrste driftsåret der landbrukstenester vart handsama gjennom Fusa kommune. I høve til budsjett vart ordninga omtrent som føreset.


Innanfor oppmåling er det gjennom året gjort ein god innsats for å avslutta gamle saker. Budsjettmessig får dette likevel eit negativt avvik, ettersom desse eldre sakene ikkje kan fakturerast fullt ut. Plan og byggesak nådde sine busjetterte inntektsmål.

Innanfor drift og vedlikehald av vegar har aktiviteten vore lågare enn budsjettert. Dette har mellom anna si årsak i ressursituasjonen til teknisk drift. I tillegg har det vore utfordrande å få på plass asfaltering utført av eksterne selskap, då desse har hatt ei stor arbeidsmeng.


2. PERSONAL

2.1 Organisasjonsdemografi

Figuren under viser den relative fordelinga av tilsette etter aldersgruppering:



Dersom me berre ser på tilsette over og under 50 år gjev det eit slikt bilete:



Gjennomsnittsalderen i verksemda vår er 47 år. I praksis betyr dette at det vil vera behov for vidare fornying, det er også viktig å finna balansepunktet mellom fornying og erfaring.

Arbeidsgjevar arbeider saman med organisasjonane for å få på plass ein heilskapleg personalpolitisk plan bygd på livsfaseperspektivet.

2.2 Likestilling

I Tysnes kommune er noko over 84 % av dei tilsette kvinner, målt i talet på årsverk er 81 % av årsverka utført av kvinner. Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner er framleis monaleg

lågare enn gjennomsnittleg stillingsstorleik for menn. Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 71 %, medan tilsvarande tal for menn er 84 %. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst. Det vert i desse dagar arbeidd med ei ny kartlegging av problemstilling knytt til uønskt deltid.

På fleire fagområde ser me at dei tradisjonelle mønstra vert brotne, me har dei siste åra rekruttert fleire kvinner til tradisjonelle mannsfag innan teknisk forvaltning. Tilsvarande har me fått noko fleire menn i omsorgsyрка. Innan fagområde barnehage er andelen menn svært låg i vår kommune, her kunne det vore ønskeleg å fått auka den noko. Det er ikkje gjort noko form for kvotering ved ledige stillingar i Tysnes kommune.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2013. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som oppleve uønskt deltid. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

2.3 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune gjekk opp i 2013 og ligg for høgt. Det er i særskilt grad langtidsfråværet som er utfordrande, dette står for størstedelen av det samla fråværet.

Tabell 2.1: Samla sjukefråvær i verksemda

	2009	2010	2011	2012	2013
Samla fråvær	7,9 %	7,83 %	8,33 %	7,31 %	8,28 %

Tabell 2.1: Sjukefråvær delt per sektor

	Samla	Inntil 16 dagar	Over 16 dagar
Sentraladministrasjonen	4,13 %	2,54 %	1,59 %
Oppvekst	6,3 %	1,5 %	4,8 %
Helse- og sosial	10,3 %	3 %	7,3 %
Landbruk og teknisk	10,6 %	2,1 %	8,5 %

Arbeidsmiljø ved dei ulike arbeidsstadane vert oppgjeve til å vera godt, men det er ikkje gjennomført systematisk kartlegging av opplevd arbeidsmiljø.

Tysnes bedriftshelseteneste la ned si verksemd ved årsskifte, dette var grunna i manglande godkjenning etter ny forskrift om bedriftshelsetenester. Tysnes kommune har frå nyåret 2014 teikna kontrakt med godkjent leverandør av bedriftshelsetenester.

2.4 Kompetanse

Tysnes kommune fekk, etter søknad tildelt kr. 600.000 til å gjennomføra eit prosjekt knytt til basiskompetanse i arbeidslivet. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Folkeuniversitetet. Det er i samanheng med dette gjeve tilbod om to kurs på over 80 timar for opplæring i grunnleggjande IT kompetanse. Deltakarane nyttar si eiga fritid til å delta på kursa. Det synes ikkje å vera behov for ytterlegare kurs på noverande tidspunkt.

Det er gjennomført vesentleg kompetanseheving på dei ulike sektorane.

Oppvekst har ein eigen plan for kompetanseutvikling i skular og barnehage. I tillegg deltek me i den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet», i denne satsinga har Tysnes kommune 3 lærarar som følgjer vidareutdanning innan fagområda: rettleiing, leiing og engelsk.

Innan helse og sosial ligg det også ein vedteken opplæringsplan. Det er naturleg å trekkja inn at det vert gjennomført vidareutdanning innan følgjande fagområde p.t.:

- 1 sjukepleiar vidareutdanning kommunehelseteneste, deltid 2 år 60 studiepoeng, vert avslutta mai 2014.
- 1 sjukepleiar har starta opp med studium kreftsjukepleie og palliativ omsorg.
- Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudium og Fagseminar, 16 deltakarar.
- Avdelingsleiar, miljøeining deltatt i nettverk, demens, og kommunalt demensteam.
- Kokk starta opp med teoretisk del, institusjonskokk, ved Senter for vaksenopplæring, Årstad vidaregåande skule, førebuing til fagprøve.
- Prosjekt MEDCED i regi av Senter for omsorgsforskning Vest. Kunnskap som avgrensar bruk av tvang i arbeid med demente pasientar.
- 5 tilsette delteke på kurs, ernæring.
- Diverse kurs, demens.

I 2013 mottok barnevernstenesta kompetansemidlar frå Fylkesmannen til kompetansehevings-tiltak. Midlane vart brukt til ulike tiltak, to tilsette gjennomførte 40 timars kurs i rettleiing og metode, to tilsette deltok på Kvello-opplæring, ny metode i undersøkingsarbeidet.

Tilsette i psykisk helseteneste gjennomførte kurs/ førstehjelp ved sjølvmondsfare. Leiar av tenesta deltok også på schizofrenidagane i Stavanger.

Innan fagområde fysioterapi er det gjennomført kurs i «Fallførebyggande tiltak for eldre», i tillegg til kurs i «Ortopedi for barn og unge, samt «MFNU Motorisk funksjons nevrologisk undersøking.»

2.5 Rekruttering

Rekruttering av fagpersonell er ei utfordring innan dei aller fleste områda i verksemda.

Gjennom året har me hatt vakansar i sentrale stillingar i dei fleste deler av organisasjonen, her kan nemnast barnevern, personal, planlegging, fysioterapi, planleggjar med vidare. Nokre av desse vakansane må sjåast i ljøs av ønskje om å redusera kostnader, og noko må sjåast i ljøs av at me ikkje klarer å tiltrekkja fagpersonell.

I særskilt grad har det vist seg vanskeleg å rekruttera personell innan tekniske fag, men me ser også utfordringar knytt til rekruttering av pedagogisk personell i barnehagar og vernepleiarar. Det er positivt å merkja seg at Tysnes sjukeheim i sitt innspel til årsmelding skriv følgjande om rekrutteringssituasjonen:

«Tilgongen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore bra dette året. Dei fleste fagstillingane er tilsett personell i, men ein del fødsels- og omsorgspermisjonar gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå.

Vi har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde vi til saman 7 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden

er høgare, ser vi at vi oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane.

Store stillingsstorleikar (75 % stilling og over) rekrutterer bra, samstundes slit vi med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat.

Legedekninga er god og stabil, og tilgongen til fysioterapi har vore god gjennom året.

At ein har fast person tilsett i fysioterapistillinga betyr ein kvalitetsauke.

Vi har hatt ein « vanleg » lærling og ein TAF lærling i helsefagarbeidarfaget dette året.

Rekruttering av fagpersonell til denne sektoren viser seg som det kritiske punkt i drifta vår. God organisering gjennom samla fagmiljø, god leiing, betre løns- og arbeidsvilkår og intern kompetansebygging må til for å møte utfordringane.»

Tilsvarande peikar ein på i open omsorg, samstundes som det framleis er ei stor utfordring å rekruttera til ledige sjukepleiarvikariat.

Det er berre utdanna pedagogar på skulane våre. Me har ein dispensasjon på pedagogisk leiar i ein av barnehagane, og ei høgskuleutdanna som tek vidareutdanning som barnehagelærer. Me har ein del assistentar som ikkje er utdanna barne- og ungdomsarbeidarar.

I 2013 har det vorte skifta og rekruttert nye leiarar til fleire avdelingar og einingar. Me vil i den samanheng nemna at det vart rekruttert inn ny rådmann, ny økonomisjef, leiar for teknisk drift, leiar av psykisk helseteneste. Det vart også eit leiarskifte på landbrukskontoret.

Det har vist seg at det er svært vanskeleg å rekruttera nye støttekontaktar i verksemda. Det vart óg arrangert kurs for støttekontaktar, gamle og nye, men det var få som kom på kurset. For mange av våre brukarar er støttekontakt eit viktig tiltak for å kunna ha noko å sjå fram til, utfolda seg betre, meistre livssituasjonar og få meir trua på seg sjølv gjennom samvær og aktivitetar. Dersom ein greidde å finansiere ei stilling - miljøarbeidar - delt på fleire tenester, ville det kunne vore ei stor hjelp i oppfølgingsarbeidet, og ein slapp og bruka tid på å finna personar til å ta enkeltoppdrag. I denne samanhengen ønskjer me å søkja fylkesmannen om midlar til ein tiltaksarbeidar i barnevernet, føresetnaden er då at me kan redusera behovet for støttekontaktar.

2.6 Etikk

Tysnes kommune sine gjeldande etiske retningsliner vart vedtekne i 2009, retningslinene bør vurderast opp mot ei rullering i 2014.

I pleie og omsorg er det i 2013 fullført prosjekt "Etisk kompetanseheving" Det har vore ei eiga prosjektgruppe for arbeidet. Arbeidet er fylgt opp gjennom etisk refleksjon i einingane.

Arbeid med etikk vert elles fylgt opp i varierende grad i dei ulike einingane, dette er også knytt til kva problemstillingar som til ei kvar tid dukkar opp.

Tysnes kommune har i tillegg til etiske retningsliner og vedteke reglement for intern varsling av kritikkverdige tilhøve. Det vert som fast rutine ved tilsetjing vist til at me ønskjer varsling av slike tilhøve.

3. PROSJEKT, PLAN OG UTVIKLING

Tysnes kommune står ovanfor store utfordringar i dei næraste åra på områda plan og utvikling. For å synleggjera desse utfordringane blei det i samband med budsjett og økonomiplan- arbeidet lagt fram ein 10 års oversikt som syner behovet for investeringar i dei næraste åra. Den tyngste investeringa ligg i å få etablert eit nytt omsorgssenter med omliggjande bustader og bufellesskap, men andre tunge investeringar må etter kvar koma innafør skule og barnehage.

Enno veit me ikkje konsekvensen av at den nye traseen for E39 er bestemt lagt over Tysnes og Reksteren. Det er likevel grunn til å anta at dette vil krevja at kommunen må koma i gang med ein ny arealplan der både vegtrase, nye industriområde og bustadbygging kjem til å bli tema.

Utviklinga har vore føresett ei tid og hausten 2012 blei det derfor tilsett ny prosjektsjef som skal ha ei dedikert oppgåve med å arbeida for å få fortgang og fokus på allereie vedtatt utbyggingar. Dette gjeld først og fremst nytt omsorgssenter, men også å greia ut nye prosjekt som ei ombygging/rehabilitering av Tysnes skule og nye kai anlegg.

3.1 Investeringsprosjekt

Så langt er følgjande prosjekt ferdigstilt eller under arbeid:

Tabell 3.1: Status prosjektarbeid og investeringar 2012/13

Prosjekt	2012	2013
Våge kai - utviding/utbygging	Avslutta	
Ski anlegg Løkjen - utbygging	Avslutta	
Rutebåtkai Malkenes - utbygging	Avslutta	
Lunde barnehage - ombygging		Avslutta
Lunde parkering - utbygging		Avslutta
Modulbarnehage Reiso - utbygging	Avslutta	
Nytt omsorgssenter - forstudie		Avslutta
Nytt omsorgssenter - forprosjekt		Under arbeid
Energiløysing nytt omsorgssenter - utgreiing		Under arbeid
Tysnes skule - forprosjekt	Avslutta	
Rådhuset - planlegging/ombygging		Under arbeid
Heningen kai - planlegging/utbygging		Under arbeid
Elsakervågen kai - utgreiing	Avslutta	
VA i ny gangveg Uggdal - planlegging/utbygging		Under arbeid

Hovudfokus i 2013 har vore start av, og gjennomføring av to større utgreiingar.

- Oppfølging av vedtak i kommunestyret i 2010 om å byggja nytt omsorgssenter på ny tomt vis-a-vis den gamle sjukeheimen
- Oppfølging av økonomiplanen og vedtak om å greia ut ei ombygging/rehabilitering av Tysnes skule

Rådmannen tilrådte å dela opp arbeidet med prosjekt nytt omsorgssenter i fire fasar. Fase ein, forstudien, var delt i to delutgreiingar – lokalisering av helse- og omsorgstenestene i kommunen og ei klargjering av rammevilkår for vidare arbeid med sjølv omsorgssenteret. Forstudien var gjennomført i løpet av våren 2013 og lagt fram for kommunestyret i juni same året. Det blei samtidig vedtatt gjennomføring av fase 2 forprosjekt nytt Omsorgssenter som hadde som målsetjing å leggja fram eit forslag til plassering av eit bygg på tomta, utarbeida eit romprogram og eit planforslag for både bygg og uteområde. Forprosjektet blei lagt fram for kommunestyret i februar 2014. Parallelt har arbeidet med reguleringsplanen for området blitt starta opp.

I samband med økonomiplanarbeidet i 2012 blei det lagt inn ca. 10 mill. kroner til rehabilitering av Tysnes skule. Tidleg i 2013 la rådmannen fram ei sak for kommunestyret der det blei tilrådd å greia ut to alternative løysingar – ei rehabilitering av skulen, og ei ombygging/rehabilitering av skulen. Prosjektgruppa fekk utarbeida ein rapport og ei planskisse som blei sendt til rådmannen hausten 2013. Rapporten med kalkyler blei som føresett nytta i samband med økonomiplanen for 2013- 2017.

Ut over desse to større prosjekta har det i 2013 vore arbeida med å avgjera lokalisering av ein tømmer- og industrikai i Elsakervågen eller på Heningen. Valet er no falt på Heningen og utbygging vil bli gjennomført i 2014.

Statens vegvesen har gjennom året arbeid med planane for den nye gangvegen mellom Uggdalseidet og rådhuset. Tysnes kommune og Uggdal vassverk har parallelt planlagt nytt VA anlegg i traseen, og arbeidet ser no ut til å koma i gang før ferien 2014.

3.2 Planarbeid

Det vart i 2013 inngått ein rammeavtale med Omega Areal som leverandør av plantenester.

I 2013 er det arbeidd med reguleringsplan for Våge sentrum, her er det ei eiga politisk administrativ arbeidsgruppe som er sett ned for å ivareta dette arbeidet. Planen er i desse dagar om lag klar til å leggjast til offentleg ettersyn, det vil også verta lagt opp til eit folkemøte kring planen.

Det har også vore arbeidd med reguleringsplan for eit nytt industri-/næringsområde på Øvre Dalland. Planen er lagt ut til offentleg ettersyn.

Gjennom Samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i ein interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland. Når denne er godkjent skal den vera grunnlag for å ta opp igjen nye strandsoner i kommuneplanssamanheng. I 2013 er det mellom anna gjort kartlegging av funksjonell strandsoner, og det vert etablert eit sett av felles vedtekter i planområdet. Arbeidet vil vera eit godt hjelpemiddel også ved neste rullering av kommuneplanen.

Det er svært gledelig at sentrumsplan for Onarheim kom til endeleg vedtak i 2013 etter ein lang og omstendeleg prosess.

Kommunestyre gjorde vedtak om kommunal planstrategi hausten 2013. I den vedtekne planstrategien er det mellom anna lagt opp til at rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel skal startast opp i 2014.

4. TENESTEOMRÅDA

4.1 Sentraladministrasjonen

4.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgende arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis à vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene

Sentraladministrasjonen er delt inn i rådmannskontoret og økonomikontoret.

4.1.2 Politisk aktivitet

Ei av hovudoppgåvene til sentraladministrasjonen er politisk støtte og sentraladministrasjonen er politisk sekretariat for ei rekkje utval.

Tabell 4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2009	2010	2011	2012	2013
Kommunestyre	59	73	96	89	72
Formannskap	115	130	91	88	107
Administrasjonsutval	15	18	6	12	4
Klagenemnd	-	-	-	-	-
Andre ⁱ	22	188	104	132	115

4.1.2 Post og arkiv

Arkivtenesta hadde i år eit stort prosjekt knytt til avlevering av arkiv frå 1966 til 1995, det er ikkje så reint få hyllemeter det er snakk om. Arbeidet vart ferdigstilt hausten 2013 og arkivet er no trygt forvalt hjå IKAH.

Det har ikkje vore rom for å utarbeida ein fullstendig arkivplan for verksemda, men det er eit arbeid som ideelt bør prioriterast i samanheng med etablering av fellestenesta.

4.1.3 Administrasjon og leiing

Siste året er det gjennomført skifte av rådmann og økonomisjef, slike skifte kan føra til at ein misser kontinuitet innan einskilde område. Me er i den samanheng glad for at me har gode ressursar å støtta oss til i staben!

ⁱ 12 saker i AMU, 7 saker til sakkunnig nemnd, 48 saker til tilsetjingsutvalet, 36 saker for ungdomsrådet og 12 saker for eldrerådet.

Ein kommune er ein mangslungen organisasjon som har ansvaret for å få utført ei rekkje ulike oppgåver og funksjonar. – Det kan til tider vera vanskeleg å sjå for alle oss tilsette at me arbeider i same verksemda.

4.1.4 Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Me burde likevel vore kome vidare med dei uavklarte sakene som ligg i kjølvatnet frå innføring av eigedomsskatten.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

4.1.5 VAL

I 2013 var det Stortingsval. Dette inneber ikkje ubetydeleg meirarbeid for rådmannskontoret, ikkje minst førte innføring av nytt valsystem til einskilte utfordringar. Me er glad for at valet også denne gongen gjekk etter planen så langt det angår lokal gjennomføring.

4.1.6 IT

I 2013 var 2. året lesebretta for politikarane var i bruk. Dette IT-prosjektet har fått gode tilbakemeldingar frå brukarane, og viser at det løner seg å gjera eit grundig forarbeid og satsa på utprøvde løysingar.

I 2013 vart det også sett i gang prosjekt med ny nettside for kommunen, kontrakt med leverandør vart teikna i desember. Dette er ei stor omlegging, og me ventar at den nye nettsida er klar innan utgangen av 1. halvår 2014. Det vert då lettare å tilby nye tenester på nett, etter som teknologi og programvare har endra seg mykje dei seinare år.

Noverande nettside vart lansert i 2003, og vart fornya i 2008. Etter lanseringa i 2003 vart nettsida vår kåra til beste kommunale nettside i heile landet.

4.1.7 Personal

Den sentrale ressursen innan personal er plassert i sentraladministrasjonen. Det at stillinga stod i vakanse mest til og med august har vore ei utfordring. Det vert elles vist til det overordna kapitlet om personal.

4.1.8 Innkjøp

Me har frå 1996 vore knytt til Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum (SII), samarbeidet er organisert etter vertskommunemodell i Stord. SII har elles eit tett samarbeid med omliggjande regionale innkjøpskontor mellom anna Haugaland, Hardanger og har også samarbeida med Hordaland Fylkeskommune. I 2013 selte Tysnes kommune om lag 0,2 årsverk til SII.

Det vert stadig større fokus på offentlege innkjøp med omsyn til regelverk, innsyn etc. Dette krev at innkjøpa i den enkelte kommune fungerer etter intensjonane i lovverket. Alle kommunale innkjøp skal gjennomførast med utgangspunkt i ein konkurranse. Storleiken og kompleksiteten i kjøpet avgjer kva type konkurranse som skal nyttast.

Ved nye innkjøpsavtaler vert det stilt krav om fakturaer i Elektronisk handelsformat (EHF). Overgang til elektronisk faktura sparer oss for manuelle prosessar knytt til skanning og fysisk handsaming av fakturaer.

Overgangen til elektronisk handel over E-handel/IBX er i full gang. E-handel er ei portalløysing der alle avtalane våre over tid skal leggjast inn slik at me sikrar at tingingar skjer til best moglege vilkår. Alle dei som er autorisert for innkjøp i kommunen har fått opplæring og nyttar i dag denne funksjonen. Erfaringane og tilbakemeldingane er gode. Det er eit kontinuerleg arbeid med å leggja inn avtalar i systemet slik at bestillingane kan gjerast over E-handel. Overgang til E-handel inneber ei meir effektiv gjennomføring av prosessar knytt til innkjøp i verksemda.

Gjennom desse tiltaka har me oppnådd innsparingar i bruk av ressursar og pris på grunn av korrekte kjøp til rett pris, samt kontroll på faktura.

4.1.9 Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09. I budsjettmøtet i desember 2008 vart det vedteke at eigedomsskatten skulle vera 2 promille, dette var også satsen i 2013.

Kommunestyret har auka eigedomsskatten til 3,8 promille med verknad frå 2014.

4.1.10 Beredskap

Det vart i år arbeidd vesentleg meir med beredskap opp mot Tysnesfest. Tidlegare har den overordna beredskapsleiinga vore relativt lite inne i samband med dette arrangementet.

Det er eit behov for å oppdatera den overordna ROS analysen i kommunen, det vart innleia eit arbeid på dette i meldingsåret. Det vart mellom anna gjort ei evaluering av eksisterande plan av Institutt for beredskap, det er også innleia samtaler mellom rådmann og brannsjef kring desse spørsmåla.

Tysnes kommune deltok i 2013 på fylkesmannen si øving knytt til ulukke med farleg gods. Øvinga fungerte godt og det vart etter øvinga konkludert med at me ønskjer å reorganisera KKL.

Det er ikkje gjennomført møte i beredskapsråd i 2013.

4.1.11 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen og det er gjennomført tiltak knytt til elektronisk fakturering, mottak av elektronisk faktura, e-handel og dei aller fleste mottek i dag elektroniske lønnssetlar og reiserekningar går i dag på elektronisk flyt. Ein overgang til felles arkiv vil auka behovet for elektronisk arbeidsflyt.

I saksførebuingar knytt til den fysiske strukturen i kommunen si verksemd er moment knytt til klima og energi handsama særskilt. Tilsvarande er det lagt inn føresetnader for energiøkon-

misering i vurdering av rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Det er også gjort vurderingar knytt til klima og energi i samband med planar for nybygg.

4.1.13 Økonomikontor

Økonomikontoret er i stadig utvikling innanfor bruk av nye løysingar som gjev effektiv og god drift. I fyrste halvår av 2013 vart det teke i bruk eit nytt system for innkrevjing av uteståande fordringar. Løysinga er ein integrert del av det nye økonomisystemet me har nytta sidan 2011. Med dette lettast arbeidet med innkrevjing av kommunale krav, der me kan sakshama desse lokalt og ikkje minst raskt. Tidlegare var denne biten sett ut til eit eksternt inkassobyrå. Gebyr og renter på for seint betalte krav utgjorde i 2013 ei inntekt på litt over kr. 80.000.

Kommunen har også innført elektronisk faktura mot leverandørane (EHF-faktura). Dette er faktura som vert lest direkte inn i økonomisystemet uten manuell postmottak og skanning. Løysinga er særst effektiv og ressursparande, og gjev presis informasjon til dei som skal godkjenne fakturaene. Auken i EHF-faktura har gjennom året vore formidabel, frå 191 stk. i 2012 til 1.431 i 2013. Målet for 2014 er at minst ½ parten av fakturaene skal vera elektroniske.

Også innanfor lønsregistrering har det vore ei positiv utvikling gjennom året. Helse og sosial nyttar eit turnusprogram for planlegging og registrering av timar, og dette er no kopla direkte opp mot lønssystemet vårt. Dette gjev effektivitetsgevinst i form av at registreringa berre vert gjort ein gong, samt at feilkjelder vert redusert. Ved inngangen til 2014 vert det arbeidd med innføring av tilsvarande system i barnehagane.

Med desse framtidsretta løysingane på plass er me godt rusta i høve til krav som vert stilt til oss. Målet er å sikra ei effektiv og sikker drift, der saumlause system gjev innsparing på manuelle operasjonar. Dette gjev oss i stand til å gradvis vri ressursbruken over frå reint registreringsarbeid til meir kvalitativ bruk innanfor oppfylging, rapportering og analyse.

4.1.14 Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, koordinering og planarbeid.

4.1.15 Barne- og ungdomsarbeid

Kommunen deltok på Ungdommens Kulturmønstring (UKM) under fellesmønstringa mellom Bømlo, Fitjar, Stord og Tysnes og under UKM-fylkesmønstringa på Oseana i Os. Tysnes ungdomsråd har vore lite aktiv i denne perioden, men det vert satsa på at det tek seg opp i 2014!

4.1.16 Reiseliv

Tysnes sine sider i Sunnhordland Guide vart oppdatert. Informasjon i Kystguiden. Turistinformasjonen fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale.

4.1.17 Næring

Tysnes kommune har samarbeida med Atheno om næringsutvikling i kommunen, her er det mellom anna lagt stor vekt på kurs og rettleiing for nye grunderar i kommunen, gjennom tiltaket grunderpuls. Samarbeidet fungerer godt og Tysnes er ein av kommunane som opplever størst trykk i dette arbeidet.

Ordførar og næringskonsulent har hatt eit systematisk oppsøkjande arbeid i høve til etablerte næringsverksemdar i kommunen.

4.1.18 Kulturvern

Tysnes kulturminnelag vart oppløyst og i samsvar med vedtekter og tingløyyst skøyte vart Smio i Uggdal, samt laget sine eigenlutar overført Tysnes kommune.

Den gamle safen under trappa på Rådhuset vart «sprengt». Safen var full av gamle lyd kassetar som var etter Sigurd Norheim. Desse vart digitaliserte i 2013.

Venelaget for jåttmuseum vart tildelt eit årvisst tilskot fram til og med 2015.

For å få ei betre oversikt og prioritering innan dette arbeidsfeltet må kommunen ta fatt på arbeidet med kulturminneplan.

4.1.19 Kulturformidling

Kommunen teikna ny avtale med Årbakka Handelsstad om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområde. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år. Avtalen kan forhandlast kvart 3. år. Handelsstaden fekk i tillegg tilskot til drift for sumarsesongen.

Rekkjetunet og Tysnes musikklag fekk underskotsgaranti i samband med arrangement. Kulturprisen vart tildelt Bergitte Sletteskog.

4.1.20 Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og alt sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Spelemidlar vart tildelt Reiso kunstgrasbane. Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv bør prioriterast.

4.1.21 Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF driv vedlikehald av ti område.

I samarbeid med lokale lag vart første del av "Vandring Tysnes" ferdigstilt. Totalt er 21 løyper merka og gradert etter nasjonal standard. 113 km er merka, 92 skilt og 12 informasjonstavler/startpunktstavler er sett opp. Prosjektet held fram i 2014.

Turløyper, badeplasser og friluftsområde er svært viktige tilbod i folkehelsearbeidet.

4.1.22 Ålment kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelte: Kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfest fekk direkte tilskot til marknadsføring. I samarbeid med lokale lag deltok kommunen med 5 arrangement under Kystsogevekene/Kulturminnedagane m.a. Johannes Heggland markering i Saltebuo. Kommunen har hatt koordinatararbeid for Kystsogevekene og kulturarbeidsgruppa.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne, planarbeid og kulturbasert næring.

4.1.23 Folkehelse

Det vart inngått avtale om partnerskap mellom Hordland fylkeskommune og Tysnes kommune for å fremja folkehelse i Hordaland. Stimuleringsmidlar 150.000 vart tildelt. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale ulikskapar i helse. Lokal prosjektgruppe vart etablert og Statusrapport Folkehelse Tysnes vart ferdigstilt. Deltaking i Folkehelseforum Sunnhordland.

Tysnes kommune vil fornya avtalen med fylkeskommunen i 2014. Folkehelseplan må prioriterast i arbeidet.

4.1.25 Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2013 vore bemanna med 67 % stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held dessutan ope på dagtid to dagar i veka då det også vert gjort kontorarbeid. I tillegg er det sett av fem timar i veka til indre arbeid.

Mediebudsjetet vart oppjustert i 2012, frå kr 66 000 til kr. 100 000, i samsvar med den gjeldande bibliotekplanen for kommunen. Auka i mediebudsjetet vart også i 2013 øyremerka lydbøker og digitale media retta mot born og unge.

Tabell 4.1.2: Utlån Tysnes folkebibliotek

	2010	2011	2012	2013
Bøker/andre media	7225	6592	6448	7172

Den totale bruken av biblioteket har dei siste åra stadig gått opp, nye låntakarar har kome til og det er all grunn til å tru at også utlånstala fortsatt vil auka som følge av ei langsiktig satsing på biblioteket sine tilbod. Biblioteket har vorte ein viktig "miljøfaktor" i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Også om sommaren frå juni til august har biblioteket spelt ei viktig rolle som servicetilbod for feriegjestar og reisande som vitjar Tysnes.

Eit viktig mål for Tysnes folkebibliotek har vore å stå fram som eit moderne bibliotek og ikkje sakka akterut samanlikna med dei større biblioteka i nabokommunane. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2013 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner.

Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. I 2011 vart det vedteke ein ny bibliotekplan for kommunen, der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Dette arbeidet heldt fram i 2013, med det siktemålet å gjera biblioteket endå meir attraktivt som eit kommunalt servicetilbod.

4.1.26 Tysneshallen

Tysneshallen er også i 2013 driven svært rimeleg og med høg aktivitet. Tilbodet synes å vera jamleg i bruk og det kan no vera lita tvil om at investeringa i hallen som stod klar i 2004 har vore eit viktig tilskot i Tysnessamfunnet.

4.2 Oppvekst

4.2.1 Administrasjon

Administrasjonen i oppvekstetaten er i utgangspunktet liten, med oppvekstsjef, barnehagerettleiar og konsulent. Frå august 2013 gjekk konsulent ved skulekontoret av med 20 % AFP og barnehagerettleiar gjekk inn i 60 % av vikariatet som styrar ved Stjernereiso barnehage. Vakansane er ikkje erstatta, noko som har medført hardare prioritering av arbeidsoppgåvene og meir delegering ut til einingane.

4.2.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.2.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Oppvekst/ omsorg	33	28	28	23	20	21
Kommu- nestyret	8	0	8	3	6	8

I tillegg til 21 handsama saker, hadde utvalet 4 drøftingssaker.

Av dei «store» sakene som vart handsama 2013, var rehabilitering av Tysnes skule. Barnehageopptaket 2013/2014 førte òg med seg ein del endringar, då Onarheim barnehage vart utvida frå 18 til 26 plasser.

4.2.3 Visjonar og mål

Skulane og barnehagane jobbar etter «Strategi og utviklingsplan for skular og barnehagar 2012-1015». I tillegg har skulane satsingsområde som lese- og skriveopplæring (SOL), rekning som grunnleggande dugleik i alle fag, tilpassa opplæring og SOFYKOS (Plan for sosial kompetanse, fysisk aktivitet og kosthald).

4.2.4 Tilsyn

Skulane har i 2013 hatt forvaltningstilsyn på Tilpassa opplæring og spesialundervisning. Det har vore nedsett ulike grupper som har jobba med dette, og arbeidet vil munna ut i ein «Plan for Spesialundervisning og tilpassa opplæring».

4.2.5 IKT

Hausten 2013 vart IKT planen me styrer etter no ferdig. Dette er ei nasjonal satsing, som regionen og kommunen har utarbeida plan for. Uggdal skule har fått nytt datarom med nye maskiner i løpet av året. Pc for lærarar treng utskifting, arbeid med dette starta i november 2013. Oppvekstsektoren fekk samstundes nye e-postadresser @tysnesoppvekst.no.

4.2.6 Skulane

Siste året visar samla elevtal ein oppgang på 3 elevar, så her er liten endring. Den største skilnaden ligg i årsverk for undervisningspersonalet. Dei har gått monaleg ned dei siste åra, dei 2 siste åra har me etter tal frå Undervisningsdirektoratet hatt ein reduksjon på til saman 9 stillingar.

Tabell 4.2.2: Elevtal og tal på lærarårsverk

	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Elevtal	337	320	308	311
Årsverk	47,9	43,2	38,3	34,2

Tabell 4.2.3: Utvikling i elevtal på dei ulike skolane

	Tysnes	Uggdal	Onarheim	Lunde	Rekst- eren	Ungd. skulen	Totalt
2010/-11	91	79	22	21	9	115	337
2011/-12	88	87	22	17	x	116	320
2012/-13	68	85	18	17	x	120	308
2013/14	81	88	22	x	x	120	311

4.2.7 Spesialundervisning

Tal på elevar som har krav på spesialundervisning er svært høgt. Der er sett mykje fokus på dette området. Me ynskjer at tilpassa opplæring skal ta opp i seg dei ulike utfordringane som finst i ein klasse, i langt større grad enn det gjer i dag. Det er eit omstendeleg arbeid å endra praksis og kultur, og dette vert jobba med kontinuerleg.

Tabell 4.2.4: Elevar med einskildvedtak

2010/-11	2011/-12	2012/-13	2013/-14
38	36	35	39

4.2.8 PPT

Tysnes kommune kjøper i dag tenester frå Os PPT. Dette svarar til om lag ei stilling hos PPT. Til forskjell frå Os, har vi i dag lita eller ingen ventetid på tenestene deira. Alle elevar som har spesialundervisning får utarbeida IOP, Individuelle opplæringsplanar.

4.2.9 Blå skule

Nokre av elevane ved skulen har så store vanskar at dei ikkje maktar å fungera fullt ut tilfredsstillande i ein tilrettelagt undervisningssituasjon i skulen sine lokalar. Skulen har difor oppretta eit alternativt skuleprosjekt i tilknytning til Solstråleøya. Opplegget er kalla "Blå skuledag". Her får 5 elevar skuletilbod i inntil 8 timar per veke. Tilbodet er ressurskrevjande, men har synt seg særst vellykka. Ein utnytter vidare den same ressursen til å gje alle elevane ved Tysnes skule høve til å søka seg plass i dette opplegget. Tilbodet har vist seg særst populært, det styrkar integrering av elevar med særskilte behov og gjev alle deltakarane auka naturfagleg kompetanse.

Undervisninga i "Blå skuledag" vektlegg ei praktisk tilnærming til grunnleggjande dugleikar i matematikk, lesing og skriving. Elevar som har fått plass i dette tilbodet gir uttrykk for høg grad av trivsel og kompetanseheving. Dei opplever meistring og føler seg inkludert i skulen.

4.2.10 SFO

Me har i dag tilbod om SFO ved Onarheim og Uggdal skule. Det er lagt mykje energi i å få eit godt og tenleg SFO tilbod. Talet på elevar som nyttar seg av SFO er ganske stabilt:

Tabell 4.2.5: SFO brukarar, per 1.oktober

	Uggdal skule	Onarheim skule	Lunde	Totalt
2010				40

2011	27	10	9	46
2012	26	12	0	38
2013	25	11	0	36

For nokre år sidan vart det starta opp SFO tilbod også i samband med haust- og vinterferie, tilbodet har i lita grad blitt nytta.

4.2.11 Kvalitetsindikatorar

I skulen har utdanningsdirektoratet lagt opp til ei rekkje ulike indikatorar for skuledrift. Tysnes kommune nyttar indikatorane aktivt mellom anna i samband med den årlege statusrapporten for skulen.

4.2.11.1 Nasjonale prøver, resultatvurdering og oppfølging

Resultata på nasjonale prøver blir alltid gjennomgått og analysert i personalgruppene. Dette skjer både i plenum og i dei ulike undervisnings-teama. Faglærer går òg gjennom resultata for den einskilde elev for å vurdere korleis ein kan best mogeleg tilpassa opplæringa. Kontaktlærer legg fram tilgjengelege resultat for elev og føresette på utviklingssamtalen.

Det er i 2013 sett inn ulike tiltak for å betra resultata i rekning. Ugddal skule fekk kjøpt inn konkretiseringsmateriell til matematikkundervisninga. På Tysnes skule deltek heile personalet i ein kompetanseutvikling av grunnleggjande dugleikar. Me har valt «Rekning i alle fag», eit opplegg der skulen samarbeider med Høgskule i Bergen. Me har òg ein lærar på småskuletrinnet som har meldt seg på vidareutdanning i matematikk.

Tysnes skule har gjennom alle åra nasjonale prøvar har blitt gjennomført, synt fin framgang med omsyn til resultat på prøvane. Dette gjeld både for barne- og ungdomssteget. Særleg positiv er den generelle nedgangen av elevar som presterer svakt. Ved å samanlikna resultat frå fleire år ser ein og tydeleg betring av gjennomsnittsprestasjonane i elevgruppene. 8. steg presterte her rett under lands- og fylkesgjennomsnittet, men det er likevel verd å merkja seg at framgangen sidan dette årskullet gjekk i 5. steg er formidabel. Årets 5. steg presterte noko svakare enn venta på nasjonale prøver. Det er særleg innan rekning at resultat er for svake.

Tabell 4.2.6: Læringsresultat 5.steg, 2013-2014

	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Engelsk	1,8	1,9	2
Lesing	1,9	1,9	2
Rekning	1,5	2	2

Tabell 4.2.7: Læringsresultat 8.steg, 2013-2014

Indikator og nøkkeltall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Engelsk	3,2	3	3
Lesing	3,4	3,1	3,1
Rekning	3	3,1	3,1

Hausten 2013 presterte elevane ved Tysnes skule også sær bra. Ungdomssteget låg godt over fylkes- og landsgjennomsnittet i lesing og engelsk. I rekning utmerka 9. steg seg med sær gode resultat

Tabell 4.2.8 Læringsresultat, 9.steg, 2013-2014

Indikator og nøkkeltall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Lesing	3,6	3,4	3,4
Rekning	3,9	3,4	3,4

4.2.11.2 Elevundersøkinga (2013-2014)

Det vert årleg gjennomført undersøkingar av elevane sitt opplevde læringsmiljø, dei siste åra har oppfølging av desse fått eit større fokus. Undersøkinga vert gjennomført medan elevane går på 8. steg. Elevundersøkinga vert teke med i den årlege statusrapporten for skulen som vert gjennomgått for kommunestyret.

89 % av elevane oppgjer at dei trives godt eller svært godt på skulen, tilsvarende oppgjer 4 % av elevane at dei trives mindre godt eller ikkje i det heile. Det er positivt at så mange trivest godt på skulen!

Det må vera ein ambisjon at det ikkje skal førekoma mobbing på skulen, i undersøkinga svarar 90 % av elevane at dei ikkje har vorte mobba i det heile dei siste månadene, medan 10 % av elevane har svarer at dei har opplevd det ein sjeldan gong dei siste månadane. Elevane oppgjev at det i første rekkje er andre elevar ved skulen som mobbar, omfanget av mobbing av elevar frå same klasse er noko lågare. Nokre elevar oppgjev at dei vert mobba av lærarar og andre tilsette ved skulen.

4.2.11.3 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit uttrykk for snitt karakter på endeleg vitnemål, det inkluderer både standpunkt og eksamenskarakterar. Snittet vert deretter multiplisert med 10

Tabell 4.2.9: Grunnskulepoeng Tysnes 2009 - 2013

	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	38,7	38,3	41	38,3

Tabell 4.2.10: Grunnskulepoeng 2013

	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	38,3	40,2	40

Av ovannemnde tabellar ser me at gjennomsnittleg grunnskulepoeng er relativt stabilt og at det ligg litt under gjennomsnittet for landet og Hordaland fylke.

4.2.11.4 Overgangen frå grunnskole til vidaregåande opplæring

Det er gledeleg at elevar frå Tysnes skulen opprettheld den høge graden av overgang til vidaregåande opplæring.

Tabell 4.2.11: Overgang til vgo

	Tysnes	Komm.gr. 02	Hordaland	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring same år som avslutta grunnskole.	100,0	98,7	98,5	97,8

4.2.12 Kulturskulen

Tabell 4.2.12: Elevar i kulturskulen

Per 1. oktober	2010	2011	2012	2013
	71	83	52	49

Kulturskulen sel dirigent/instruktør/slagverkstimar pr. 10 okt.-13 til: Kor (5 timar), Korps (18 timar), Grunnskule (3 timar).

Kulturskulen har (pr. 10.oktober) om lag 2,18 årsverk delt på 10 personar. Rektor har også hatt vervet som Hovudverneombod i kommunen i meldingsåret.

Måla for aktiviteten/undervisningstilboda nådd. Måla for arbeidsmiljø/lokale er ikkje nådd, dette er i første rekkje knytt til mangel på eigne lokale for kulturskulen. Ein har ikkje sett seg som mål å halda eigne konsertar/samarbeidsaktivitetar for elevane, då dette har vore særskilt vanskeleg å få til.

4.2.13 Vaksenopplæringa

Me har i dag 7 elevar som har rett og plikt til norskopplæring. Dei følgjer for det meste reglane i Introduksjonslova, men gjennomfører ikkje introduksjonsprogrammet. Det betyr at dei skal ha ei individuelt tilpassa opplæring etter ein individuell opplæringsplan. Opplæringa er obligatorisk, men gratis for elevane. Me har retta opplæringa inn mot Norskprøve 2 eller 3, munnleg og / eller skriftleg. Elevane viser god innsatsvilje og engasjement. Sidan ingen læreverk på marknaden ligg føre fullt ut på nynorsk, er det nytta bøker på bokmål.

I tillegg til den lovpålagde vaksenopplæringa har også Tysnes kommune hatt tilbod om norskopplæring til arbeidsinnvandrarar og andre som ikkje har rett eller plikt til norskopplæring:

Våren 2013 hadde me 2 grupper, ei for nybyrjarar og ei for vidarekomande. Det var til saman 30 personar innom denne undervisninga. I haust hadde me berre ei gruppe (6 personar) i gruppa for nybyrjarar. Det har i tillegg vore kurs på Onarheim, i regi av Alsaker Fjordbruk.

4.2.14 Barnehagar

Tabell 4.2.13: Tal på born i dei ulike barnehagane per 15. desember

	Vågsmarka	Stjernereiso	Lunde	Onarheim	Totalt
2010	24	53	15	17	109
2011	28	61	16	12	115
2012	25	58	22	13	118
2013	30	60	25	20	135

Me hadde 135 barn i frå fødselsåra 2008, 2009, 2010, 2011 og 2012.

Dei som er fødd i 2008, 2009, 2010, 2011 går alle i barnehagen. I aldersgruppa fødd 2012 er det 12 barn som ikkje går i barnehagen. 11 av desse har søkt no i etterkant av januar 2014.

Alle som har søkt barnehageplass i Tysnes har fått plass. Ikkje alle har fått førstevalet m.o.t. kva barnehage dei ynskjer. Det vart gjennomført ein gjennomgang av.

Barnehagane jobbar utifrå eigne årsplanar og utifrå strategi- og utviklingsplanen for skule og barnehagar. Språkleiken Bravo er i alle barnehagar. Me er den fyrste kommunen der alle bar-

nehagar brukar denne språkopplæringa. Matematikk er noko me har stort fokus på, i tillegg til IKT og barns medverknad.

4.3 Helse og sosial

4.3.1 Administrasjon

Etaten er organisert i 4 avdelingar: helse, pleie- og omsorg, barnevern og NAV/sosial. Psykisk helse ligg i stab. I tillegg er det eit sekretariat med ein sekretær i 50 % stilling (midlertidig auka opp til 75 %), og ein konsulent delt med NAV (60 % / 40 % stilling).

Etaten er leia at kst. helse- og sosialsjef Hildur Heie. Etaten opplever å skulle løysa mange og store oppgåver og utfordringar innafør knappe ressursar. Det har vore utført eit samvitsfullt arbeid innafør dei ulike tenesteområder, der målet har vore å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen.

4.3.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.3.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Oppvekst/ omsorg	20	19	37	36	24	19

Etaten deler sekretariatsansvar for oppvekst/omsorg med oppvekstetaten, tabellen viser helse- og sosial saker til handsaming i utvalet.

Forutan oppvekst/omsorg er etaten også sekretariat for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Husbankutvalet.

4.3.3 Utviklingstrekk i etaten

Planer og oppgåver som er gjennomført i 2013:

Prosjekt forstudiar nytt omsorgssenter.

Oppfølging samandlingsreforma.

E-meldingsprosjektet, «Vestlandsløftet».

Kompetanseløftet 2015, kr 230` i tilskot til opplæring av personell i helse- og sosial-etaten.

Rusprosjektet – ruskonsulent, slutt 01.04.13.

Buretteiar/konsulent - oppstart 01.02.12, slutt 01.04.13.

Bustadsosial handlingsplan – gjennomført og vedteken.

Utfordringar i 2014:

Rekruttering faglært arbeidskraft: helsefagarbeidar, sjukepleiar, vernepleiar, anna høgskuleutdanna.

Kompetanseoppbygging.

Økonomi-/ budsjettstyring.

Kvalitetsarbeid.

4.3.4 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 59 brukarar, av desse er ca. 34 born og unge under 18 år.

Tysnes kommune har delteke i prosjekt Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam (YSS) som er ein felles prosjekt for kommunane i Sunnhordland og Helse Fonna. Kommunen stiller 0,2 årsverk til prosjektet gjennom leiar av psykisk helseteneste. YSS har i 2013 hatt direkte oppfølging av 13 pasientar, i tillegg til ein god del indirekte oppfølging av brukarar i form av råd/konsultasjon i Tysnes kommune.

Psykisk helse for barn og unge har i tillegg til individuelle støttesamtaler for totalt 34 brukarar også hatt klasseromsundervisning i ulike tema. I 10. klassen er det gjennomført eit arbeid i jentegrupper i samarbeid med helsestasjonen.

«Treffstad i Våge» er eit nytt lågterskeltilbod for elevar i ungdomsskulen. I første omgang vert det prøvd med å ha ein open treffstad ein gong i veka, ein nyttar her lokala til psykiatrisk dagsenter sentralt i Våge.

4.3.5 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, helsestasjon, jordmor, fysioterapi og ergoterapi.

4.3.5.1 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønsspraksis, kommunen har ingen legar på driftsavtale. Ein ser likevel at ved ny rekruttering i legestillingar kan det vera aktuelt å vurdere driftsavtale. Legetenesta i Tysnes er samla i eitt kontor, dette vil vera ønskjeleg også i fortsetjinga.

Det er i dag 2326 personar på listene fordelt på tre fastlegar. Me har ein del på listene frå andre kommunar, men det er ein netto "lekkasje" på 450 pasientar, dei fleste til Os. Tysnes kommune betalte i 2013 eit nettooppgjerd på kr 168.293 til andre kommunar for gjestepasientar i fastlegeordninga. Det er truleg vanskeleg å tenkja seg at alle tysnesingar skal ha lege på Tysnes, men det er eit naturleg mål å redusere denne lekkasjen til eit minimum.

I 2013 har legekantoret stilt med 0,2 årsverk til Tysnes bedriftshelseteneste, tenesta vart lagt ned frå årsskifte 2013-14. Tysnes sjukeheim kjøper om lag 0,2 årsverk frå legekantoret, Ved veker der tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg, vil dei andre legane hjelpa sjukeheimen i nødvendig grad.

I 2013 vart det innført betaling via terminal på venterom i staden for etterskotsvis fakturering. For dei kundane som framleis ønskjer faktura er det innført eit fakturagebyr på kr. 49,-.

Det er også innført eit EDB-system for meldingsflyt mellom lege og heimesjukepleia. Dette er eit viktig kvalitetssikringstiltak, og inneber mellom anna større tryggleik for rett medisinerings.

Fokus på fagleg oppdatering/prosedyreutvikling/internkontroll vil vera eit viktig emne i 2014. Ein deltar i opplegg «Vestlandsløftet» vedkomande elektronisk samhandling, Siktemålet er å sikra nødvendig informasjonsflyt mellom lege, kommunal pleie- og omsorg (sjukeheim/heimesjukepleie) og andrelineteneste (sjukehus og spesialistar).

4.3.5.2 Legevakt

Tysnes har vald å halda på lokal legevakt. Ved sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt ekstra transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety innsparing for kommunen. Men legeberedskap lokalt vil bli svekka.

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. Det er avtale mellom KS og DNLF om påslag på 25 % på godtgjering når vaktbelastninga blir mindre enn 4-delt. To av tre legar ved legekantoret kan krevja fritak frå vakt, men per i dag er det ikkje søkt om slikt fritak. Det er turvande å supplera med inntak av vikarar for å ivareta ei forsvarleg vaktordning, særskilt om sumaren er det viktig. Dette har dels grunnlag i at folketalet aukar sterkt om sumaren og dels som følge av at faste legar må avvikla ferie. Legekantoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i kommunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknytning.

Tysnes sel legevakttenester til Kvinnherad (Ølve-Hatlestrand.) Me kjøper legevaktsentraltenester frå Helse Fonna, lokalisert til akuttmottak ved Stord sjukehus.

Vi har prøvd å ha fagleg samarbeid/kurs i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Bortsett frå planlegging/beredskap/akuttfunksjon ved Tysnesfest har det vore lite samtrening.

4.3.5.3 Helsestasjon

Tysnes helsestasjon var i februar-13 godkjend som ammekyndig helsestasjon. Ordninga er eit samarbeid mellom helsedirektoratet, nasjonalt Kompetansesenter for Amming og Landforeninga for helsesøstre. For å kunna oppnå denne statusen er det ein føresetnad at personale gjennomfører ei fagleg oppdatering.

I høve skulehelsetenesta er det ei utfordring at helsesyster ikkje har eigna lokale på alle skulane, i praksis fører dette til at tenesta er mest synleg ved Tysnes skule. Prosjektet med jente-grupper ved Tysnes skule har hausta mange positive tilbakemeldingar frå både born og lærarar.

Det vart oppdaga eit tilfelle av tuberkulose på Tysnes vår-13. Dette førde med seg mykje ekstra arbeid i form av ei pålagd sporing av smitte. Helsestasjonen ser ei auke i framandspråklege på Tysnes. Dette er positivt, men det fører med seg auka bruk av tolketeneste og meir ressursar på tuberkulosearbeid.

4.3.5.4 Fysioterapi

I 2013 vart det gjort ei vurdering av dei samla fysioterapiressursane i Tysnes kommune, både ressursar gjennom driftstilskot og ressursar gjennom fastløna fysioterapeutar. I samband med saka vart det også lagt opp til tettare samhandling mellom tenestene. Konklusjonen av gjennomgangen vart ei fordeling der me har 1,5 årsverk i fastløn og driftstilskot tilsvarande 190 %. Driftstilskotet vart fordelt over eksisterande heimelshavarar. Det er von om ei meir stabil teneste i åra som kjem.

Tenesta har ansvar for rehabilitering og habilitering, i meldingsåret er det lagt vekt på rehabilitering. Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane anten på sjukeheimen eller i heimen. Me ser i meldingsåret at det har vore ei auke i talet på heimebehandling då fleire og fleire treng rehabilite-

ring i heimen. Dette er svært tidkrevjande grunna behov for tett fysioterapioppfølging og ofte store avstandar mellom pasientane.

Det er også lagt eit større fokus på gjennomføring av førebyggjande gruppetrening. I siste samanheng kan det nemnast Hjartetrim for aldersgruppa 55 til 80 år, her har det vore om lag ti deltakarar. Det er gjennomført Fellestrim for bebuarar i Peralio med om lag 8 deltakarar 1 gong i veka, og fellestrim på sjukeheimeimen med om lag 10 deltakarar i gjennomsnitt.

Grunna stor turnover i tenesta i mange år, har det vore lite kontinuitet og samarbeid med helsetasjon, barnehage og skule. I meldingsåret har me hatt meir fokus på dette, særskilt i siste halvår. Det har likevel vore for lite tid til førebyggjande tiltak for born og unge og lite tid til administrative oppgåver, prosedyrar, kvalitetssikring og planarbeid. Arbeidet vil verta prioritert i 2014.

Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane anten på sjukeheimen eller i heimen. Me ser i meldingsåret at det har vore ei auke i talet på heimebehandling då fleire og fleire treng rehabilitering i heimen. Dette er svært tidkrevjande grunna behov for tett fysioterapioppfølging og ofte store avstandar mellom pasientane.

4.3.5.5 Ergoterapi

Tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemidlar i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte.

Tabellen under viser noko av aktiviteten i ergoterapitenesta førre år.

Tabell 4.3.2: Ergoterapi

	2010	2011	2012	2013
Tilvisingar	57	86	92	65
Heimebesøk	123	105	98	109
Utleverte hjelpe- midlar	667	514	612	572

Ergoterapitenesta samarbeider med Tysnes Industri AS som er mottaksstad for hjelpemidlar, held lager, køying, montering og reparasjonar. Dette er eit samarbeid som sikrar flyt i ergoterapitenesta.

4.3.6 Pleie- og omsorg

I pleie- og omsorgsavdelinga ligg: Tysnes sjukeheim, open omsorg og tenester for utviklingshemma.

4.3.6.1 Tysnes sjukeheim

Tysnes sjukeheim er i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. I denne samanheng ser me fram mot ei snarleg realisering av eit nytt omsorgssenter.

I 2013 har me sett ei tydeleg endring i krav til rask omstilling i høve til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Samhandlingsreforma utfordrar oss på å kunna tilby adekvate tenester på kort varsel. Dette har me greidd gjennom mellom anna å sørge for at me har ledige plassar å tilby før utskriving til heimen.

Tilbakemeldingar frå brukarane er gode, men det er ikkje gjennomført systematiske brukarundersøkingar førre år.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttids plassane til å trene opp brukarane til å klara seg heime lengst mogeleg. Tysnes sjukeheim har hatt mest fullt belegg gjennom heile året, vurderinga er at me i hovudssak greier å gje tilbod for dei som har behov for institusjonsplass.

4.3.6.2 Open omsorg

Frå hausten 2013 er tenesta samla med base i Uggdal. Det er ein leiar som organiserer tenesta, med heimehjelp, heimesjukepleie og tryggleiksalarmar

Tabell 4.3.3: Brukarar i open omsorg

	2010	2011	2012	2013
Heimesjukepleia	170	164	110	105
Heimehjelp	-	-	96	90
Tryggleiksalarmar	58	62	61	56

I 2013 vart det teke vekk 1,2 årsverk delt på 3 stillingar i samband med omleggingar ved Hovland bu og omsorgssenter.

Samla har tenesta 44 bustader til utleige. I område Våge Uggdal er det 30 bustader til utleige og to av desse vart halde tilbake for oppussing, elles er alt leigd ut. På Hovland er det 14 bustader til utleige, 12 av desse står ledige.

Tenesta er med og gjer at Tysnes kommune sine innbyggjarar kan bu lengst mogeleg i eigen heim. Samhandlingsreforma baserer seg på at kommunen skal ha et utvida ansvar for sine innbyggjarar og oppfølging av helsetilstand, pleie og omsorgsbehov. Me opplever at pasientar blir utskrevet tidligare frå sjukehus og har større hjelpebehov enn før.

Ei utfordring innafor dette tenesteområde, er å gje godt nok tenestetilbod på kveldstid, natt og helg, i periodar er tenesta sprengt på den tida av døgnet. Per i dag er det 2 seinvakter som yt tenester på kveld i open omsorg i heile kommunen. Fleire av brukarane mottek også natteneste frå nattpatruljen.

4.3.6.3 Tenester for utviklingshemma

4.3.6.3.1 Bufellsskap

Dei to bu-fellesskapa i kommunen, Haugen og Vågsmarka, har samla ansvar for 11 bebuarar, samt oppfølging av ein tenestemottakar utanfor bufellesskapa. 5 av brukarane er å rekna som ekstra ressurskrevjande, av desse er det tre brukarar som har 1:1 oppfølging og ein brukar som har 2:1 oppfølging på dag og kveldstid.

Me hadde samarbeid med Helse Fonna, Vaksenhabiliteringen i 2013. Me fekk hjelp og rettleiing i forhold til eit vedtak der me måtte ta i bruk tvang/makt. Me fekk og god rettleiing i forhold til miljøarbeidet me held på med til dagleg. Me har oppretta eit Fagteam blant dei tilsette i bustaden, og me har kome godt i gang med godt fageig arbeid.

Brukarane har vortne eldre, og hjelpe- og pleiebehovet har auka hjå fleire. Ein brukar er blitt rullestolbrukar, og er avhengig av heis til alt stell. I tillegg er ein brukar så dårleg til beins at vedkommande truleg er å rekne for pleiepasient innan kort tid.

Bustaden i Vågsmarka har ei utfordring med tanke på transport av bebuarane. Ein brukar får ikkje lov å vera med i drosje til dagsenter. Fleire har problem med å bli klar til ei eksakt tid, det er derfor vanskeleg med drosje. Drosje er ein stressande situasjon som gjennom 2013 har ført til utagering og skademeldingar ved fleire høve. Fleire har ikkje økonomi til å syta for transport i form av eigen bil. Etter utgangen av 2013 er det ikkje aktuelt for personalet å nytte eigen bil til transport av bebuarane.

4.3.6.3.2 Dagsenter

Det var 11 personar som tok imot tilbod om aktivitet gjennom dagsenteret. Aktiviteten er fordelt på vedsentralen på Myklestad, MaKa kafe og dagsenteret.

Grundigare opplæring av alle arbeidstakarar på alle oppgåvene, slik at me står sterkare i eventuelle «krisesituasjonar»

4.3.6.4 Avsluttande kommentar

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av pleie- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarligheit, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar.

Samhandlingsreforma fører både til behov for større omstillingsevne og til brukarar med større hjelpebehov. Det er krevjande å til ein kvar tid ha tilbodet klart for utskrivingsklare pasientar, det må likevel seiast at Tysnes kommune si pleie- og omsorgsavdeling har handsama dette svært godt! Fram til årsskifte var det vel mest ingen fakturerte ekstra liggedøgn hjå spesialisthelsetenesta!

Me ser også ein tendens til at spesialisthelsetenesta har prøvd å også definera nøyaktig kva tenester kommunen skal levera til utskrivingsklare pasientar. Me har framhalde at dei ikkje har høve til å definera vårt tenestetilbod.

I høve til arbeid med utviklinghemma går me i desse dagar gjennom organiseringa for å sjå korleis tenesta skal organiserast i framtida.

4.3.7 Sosialavdeling og barnevern

Barnevern og NAV sosial har tidlegare vore samla i ei sosialavdeling og lagt til NAV. Ut frå ulike tilhøve har barnevern og NAV sosial vorte handsama som to einingar siste året. Dette er

i tråd med planar frametter der barnevern vert sett i samanheng med oppveksttenester og andre tenester retta mot barn og familie.

4.3.7.1 NAV sosialteneste

Etter mekling mellom Tysnes kommune og NAV Hordaland vart det tilsett ein felles stadleg leiar for NAV Tysnes 1. februar 2013.

Det har vore noko vakanse ved kontoret i samband med permisjonar.

Det siste året ser me ein auke i talet på saker knytt til økonomisk rettleiing, dette er saker som er tid- og ressurskrevjande.

Tabell 4.3.4: Sosialhjelp og økonomisk rettleiing

	2010	2011	2012	2013
Mottakarar – sosialhjelp	48	43	41	36
18-24 år	14	7	12	10
24-66 år	33	33	29	26
Mottakarar med stønad over 6 md	21	37	10	22
Snitt stønadslengde – månad	3,8	4,3	2,7	3,6
Snitt utbetaling per stønadsmånad	8555	9421	7324	6911
Øk. Rettleiing utan stønad	1	13	3	5

Det har vore tilsett burettleiar på prosjektmidlar, med mål om å ferdigstill Bustadpolitisk handlingsplan. Planen vart ferdigstilt første kvartal av 2013. Etter dette er stillinga avslutta.

NAV sosialteneste har størstedelen av året hatt 5 deltakarar i det kommunale Kvalifiseringsprogrammet. Målet med dette programmet er å avklara om personane skal gå til arbeid eller trygd. NAV sosialteneste har lukkast med å få fleire personar over frå passive ytingar over på aktive ytingar.

4.3.7.2 Barnevern

Barneverntenesta har i 2013 hatt 3 årsverk. Grunna permisjonar kombinert med ynskje om å behalde arbeidskraft, vart tenesta frå mai 2013 mellombels utvida til 3,5 årsverk, men i løpet av hausten 2013, vart ei stilling sagt opp og ei stilling vart ståande vakant grunna omsorgspermisjon. Frå å ha hatt ein god periode med god bemanning i starten av året, er ein mot slutten av 2013 attende på eit kritisk nivå med berre 2 tilsette ved årsskiftet.

Det har såleis vore krevjande å få til kontinuitet i arbeidet, og det å ikkje klara å halda på opparbeidd kompetanse i tenesta er ei utfordring. Håpet og målet er likevel at ein i løpet av 2014 skal nå opp igjen til nivået på tilsette ein hadde fyrste halvdel av 2013, og i tillegg utvida staben med ein tiltaksmedarbeidar som det vert søkt midlar til gjennom løyvingar frå Fylkesmannen.

Tabell 4.3.5: Barn med undersøking og tiltak

	2010	2011	2012	2013
Barn med undersøking eller tiltak	34	40	33	35
Undersøkingar i alt	20	23	23	27
Undersøkingar avslutta	16	14	22	22
Undersøkingar som førte til tiltak	12	9	12	9
Barn med tiltak i løpet av året	29	28	23	22

I løpet av 2013, har det kome 27 nye uromeldingar gjeldande 24 born. Undersøkjingsprosenten i 2013 var på heile 85 % av alle mottekne meldingar. Ved årsskiftet var det 29 barn med oppfølging av barnevernstenesta. To av dei under omsorg, 2 under ettervern. Øvrige born tar imot hjelpetiltak av ulik art og omfang, eller det er i gang undersøking i høve dei.

Tysnes barnevernteneste rår per i dag ikkje over eigne tiltakspersonar som kan setjast inn som tiltak der det er behov. Ved årsskiftet, hadde Tysnes barnevernteneste i gang reine kommunale tiltak som i timetal tilsvarande omlag 1,6 årsverk, fordelt mellom 11 ulike tiltaksarbeidarar. Det er med bakgrunn i dette det no vert søkt om statlige midlar gjennom Fylkesmannen til skipping av ny stilling som tiltaksarbeidar.

Gjennom lovendring i barnevernlova per 1.1.2014 og 1.2.2014 vert det overført meir ansvar frå det statlege barnevernet til kommunane. Det er interessant å sjå korleis ei slik endring slår ut i ressursbehov i tenesta.

Med god bemanning våren 2013, gjennomførte barnevernstenesta foredrag på alle skular og barnehagar i kommunen i høve melding til barnevernstenesta. Eit slikt arbeid er ynskeleg videreført også i høve andre kommunale tenester som t.d. helsetenestene. I tillegg søker ein å tilby konsultativ bistand i høve einskildsaker på eit førebyggjande nivå. Hausten 2013 vart det trass dårleg bemanning prioritert å jobba førebyggjande ut mot skular, ved å vera til stades i klassar for observasjonar, og såleis verta meir synleg særleg ut mot ungdom på Tysnes. Dette kan berre prioriterast i «rolege» periodar, og det vert då vanskeleg å få til kontinuitet i dette arbeidet.

Tysnes barnevernteneste arrangerte i 2013 kurs med Per Arne Rød med tittelen «*Barn sine erfaringar med konfliktfylte samlivsbrot*». Det var i alt 85 deltakarar, representert av ulike tenester for born og unge i kommunen, samt frå fleire omkring liggjande kommunar. Dette var eit arrangement me vart svært nøgde med og stolte av, og tilbakemeldingane har vore positive!

4.4 Landbruk og teknisk

4.4.1 Administrasjon

Frå 1.september 2012 har landbruk- og teknisk etat vore delt inn i to, ein del for drift og vedlikehald og ein del for forvaltning. I tillegg har brann rapportert til rådmannen direkte.

Konstituert landbruk og teknisk sjef har hatt ansvaret for forvaltning, under dette ansvarsområdet for plan og byggjesak, kart og oppmåling og landbruk. Disse områda har felles sekretær- og arkivfunksjon.

4.4.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012	2013
landbruk/ Teknisk	218	175	237	142	134	165

Etaten er sekretariat for landbruk/teknisk. Utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde.

4.4.3 Plan og byggjesak

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Total saksmengd	321	347	308	248	429	259	248	280
Delegasjonssaker	127	129	117	104	217	139	96	160

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningslova og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde. Tabellen viser ein god vekst i talet på handsama saker, inntektsmåla for plan og byggjesak vart nådd i november.

Talet å dispensasjonssaker har gått ned frå 152 saker i 2012 til 120 saker i 2013.

Det er om lag 20 saker/søknader som ikkje er handsama. I tillegg er det om lag 185 saker som er under handsaming og ligg i ventearkiv. Ein del av desse sakene ventar på aktivitet frå tredjepart før dei er klar til ferdigstilling. Det er p.t. cirka 45 aktive oppfølgingssaker som må gjennomgåast. Det er framleis om lag 250 uavklarte saker som kan vera knytt til ulovlege tiltak, sakene vart avdekka i samband med innføring av eigedomsskatt. Desse sakene må finna ei løysing i løpet av inneverande år, det er naturleg at dei vert sett i samanheng med plan for tilsyn og kontroll. Strategiplan for tilsyn har vore under utarbeiding i 2013 og vil vera ferdig utarbeid innan medio 2014.

Det vart vedteke to reguleringsplanar i 2013:

1. Onarheim sentrum
2. Laukhammar

For tida er det 10 private reguleringsplanar under arbeid, mellom anna:

1. Lande/ Krokjen
2. Henningshagen
3. Flornes
4. Elsakerneset
5. Svarvahella

Det er 3 planar under arbeid i kommunal regi, konsulent for planarbeid: OMEGA areal.

1. Våge sentrum
2. Nytt omsorgssenter i Uggdal
3. Industriområde Dalland

Endra satsar *Gebyrregulativ for Tysnes Kommune, Landbruk og teknisk eta*, vart vedteken av kommunestyret 11.12.13 og gjeld frå 01.01.2014. Det er behov for ein meir omfattande gjennomgang av alle sjølvskostområda, det er eit mål at dette kan leggjast fram i 2014.

4.4.4 Kart og oppmåling

Budsjetterte inntekter for 2013 vart fastsett utan tilstrekkeleg forankring i handsama saker og sakstyper innan året. Det har difor ikkje vore mogleg å nå inntektsmåla i 2013.

Tabell 4.4.3: Gebyrinntekter kart og oppmåling

	2009	2010	2011	2012	2013
Budsjett	683.400,-	1.242.800,-	1.005.000,-	1.200.000,-	1.600.000,-
Rekneskap	222.515,-	804.830,-	1.009.344,-	1.525.563,-	1.117.423,-

4.4.4.1 Kart

I høve til Geovekst avtalen har det vore omløpsfotografering (25 cm oppløysning) over heile kommunen i 2013. Forventar levering sommaren 2014.

I forarbeid med adresseringsprosjektet vart det lagt inn alle vedtekne vegnamn i V-basen. Det vart også utført retting i matrikkelen for «bygning med feil» og «adresser med feil» i høve til feilmeldingar i kontrollrapportane, slik at datagrunnlag for dei eksisterande matrikkel-adressene vart vaska for feil før ein sette i gong endring frå matrikkeladresser til vegadresser. I januar 2014 starta arbeidet med konkret adressetildeling.

Kvalitetsheving i matrikkelen er ferdigstilt. I 2013 vart det lagt inn resterande grenser mot offentlig veg, der det låg føre målebrev og det vart ført rettingar etter merknader frå gardskartprosessen.

4.4.4.2 Oppmåling

Tabell 4.4.3 Handsama saker – utvikling av saksmengd

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Tinglyste endringar totalt (u. seksjonering)	21	36	61	69	85	48
Rekvirerte saker	71	31	60	108	79	77
Fullførte saker	54	26	78	119	114	122
Trend samla saksmengde	+17	+5	-18	-11	-35	-45

Samla saksmengde vart redusert med 45. Slik at den totale mengda oppdrag låg på 100 saker i utgangen av mars 2014. Når ein ser bort frå saker som ligg på vent (33) eller er under arbeid / nesten ferdige (41), så er ventekøen no på 26 saker.

Oppmålinga jobbar fortsatt for å få avslutta 2 mellombels forretningar etter Delingslova. Ei sak vert ferdigstilt om kort tid. Den andre saken manglar medverknad av festar/grunneigar.

Etter gjeldande rammeavtale vart 18 forretningar sett ut til konsulent hausten 2012. Arbeidet og etterarbeid med desse sakene tok seg ut til 2013 slik at det ikkje vart tildelt fleire oppdrag i 2013.

Det vart kjøpt inn ny målebok Topcon Tesla og ny mottakar Topcon HiperV for utføring av oppmålingsoppdrag. Utstyret er tilrettelagt for bruk med eksisterande Topcon totalstasjon og måling i områder utan GSM-dekning.

4.4.4.3 Kommunale bustadtomter

Kommunen har teke tilbake 4 tomter og seld 2 av desse i 2013. For tida er **30** kommunale bustadtomter ledige.

Det vert drøfta om denne oppgåva for framtida skal liggja til kart og oppmåling, eller om oppgåva frametter kan ivaretakast av sentraladministrasjonen.

4.4.5 Landbruk

Kommunen si landbruksteneste er organisert etter vertskommunemodell i Fusa, kontoret i Fusa yt tenester for Fusa, Samnanger, Os og Tysnes.

2013 har vore travelt og prega av omstillingar. Tysnes har no vore med i det interkommunale samarbeidet i eitt og eit halvt år, og oppsamla saker frå Tysnes har utgjort ein god del av arbeidsmengda i året som gjekk. Samarbeidet mellom Tysnes kommune og landbrukstenesta har fungert godt. Oppdatering av gardskarta på Tysnes vart ferdig i 2013, og med det har kommunen kart som viser rette markslag i karta til Institutt for skog og landskap. Det har vore ein

Talet på saker frå Tysnes som er handsama av landbrukskontoret, i 2013 var 167. (29 SMIL-saker, 9 konsesjonssaker, 15 delingsaker, 17 Vegsaker og 36 Viltsaker i tillegg til Produksjonstilskot og RMP (Regionalt Miljøprogram i Landbruket) .

<i>Tabell 4.4.5: Saker handsama</i>	2012	2013
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	3	29
Freda/verneverdige bygningar (SMIL)	1	1
Skogbruk (NMSK)	1	1
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	-	5
Produksjonstilskot og areal		
Talet på søkjarar	88	88
Areal i drift (dekar)	12 502	12 525
Skogbruk		
Hogst (tømmer og ved) m ³	5144	1 728
Produktivt skogareal (dekar)	-	141 989
Planter (nyplanting, supplering, juletre) (stk).	15000	3 000
Skogkultur (stell ungsog, gjødsling) (dekar)	-	12
Landbruksvegsaker (tal handsama saker)	-	17
Jakt- og viltstell		
Fellingsløyve, hjort	685	695
Felt hjort	604	590
Rev fellingsløyve	-	1
Gås skadefellingsløyve	-	2

4.4.6 Brann og redningstenesta

Brann og redningstenesta har i meldingsåret rapportert direkte til rådmannen.

Tabell 4.4.6 Utrykkingar brann og redningstenesta

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Totalt	11	16	18	10	17	29
Automatisk alarm	-	-	-	4	5	9
Gras-/krattbrann	1	0	1	0	0	7
Brann bygning	2	2	3	0	2	1
Pipebrann	5	4	1	1	2	1
Trafikkhending	0	4	6	2	4	1
HLR – helse	1	2	0	1	0	5
Anna	2	4	7	1	4	5

Det vart gjennomført 10 øvingar i 2013 dette er i samsvar med øvingskalendar. Tre mannskap begynte på grunnkurs hausten 2013, kursa vart fullført med eksamen i byrjinga av 2014. Ein mann fullførte komplett kurs for utrykkingskøyrety, to personell gjennomførte nettbasert kurs i brannvern.

Det vart utført 21 tilsyn i særskilte brannobjekt. Totalt er det registrert 49 særskilte objekt, men ein del av desse vert nok etter kvart nedgradert grunna ny bruk og eller risikovurdering.

Det er registrert 1316 skorsteinar/eldstader i kommunen, det vart utført 34 tilsyn i bustader i 2013. I samsvar med system for behovsprøving vart det feia ca. 600 skorsteinar i fjor. Brannsjef og innleidd firma sto for det meste av feinga i fjor.

Tysnes brann og redning skal vera ein ressurs som leverer det beste me kan innanfor rammene me er gitt i det lokale brann og redningsarbeidet. Målet vårt er å heile tida utvikla og tilpassa oss samfunnet rundt oss og på den måten løyse oppgåvene me har på ein trygg og god måte.

Med den organiseringa me har lagt opp til her krev det at me og brukar mannskapa meir til ekstern informasjons og førebyggjings tiltak i lokalsamfunnet. Det må påreknast å nytta meir lønsmidlar (dagtid) for innleidd mannskap.

Når det gjelder lovpålagte kurs har me eit stykkje igjen før me kan sei me har løfta alle på ei felles plattform, - som er lovpålagt. Fram til me er der, må det setjast av midlar til dette. Når me er der, vil det vera vedlikehaldskursing og kursing av nye mannskap etter naturleg avgang i styrken. Me tek sikte på å leggja fram ei meir detaljert sak om dette i 2014.

Det førebyggjande arbeidet med tilsyn i bustad og i særskilte objekt må prioriterast frametter.

Arbeid med ROS analyse, innføring av nødnett og deltaking i den vidare oppfølginga av «brannstudien» vert prioritert i 2014.

4.4.7 Teknisk drift

Eining for teknisk drift hadde ved inngangen til 2013 3,8 årsverk delt på gravplassar, veg og avlaup og drift og vedlikehald av bygg. Våren 2013 gjekk ein av vaktmeistrane av med pensjon. Stillinga vart ikkje erstatta.

Eininga har i lang tid forsøkt å rekruttera einingsleiar for teknisk drift utan å lykkast. Sommar- og hausten 2013 blei det på nytt søkt etter einingsleiar. Ut frå den nye situasjonen arbeider me med innføring nye rutinar for meir tverrfagleg bruk av personalressursane.

4.4.7.1 Felles internkontrolltiltak og vedlikehald alle bygg.

Tilsynsarbeid innanfor dei lovpålagte områds (brann, elektriske anlegg, heis, bygg teknisk, leikeutstyr barnehagar/skuler) har vore gjennomført, men ein slit med å følgjs opp avvik innan rimeleg tid

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er bortsett frå ein større arbeid på prestebu- staden på Jensvoll i all hovudsak utført etter planane for 2013. Hovudtiltak var barnehagane i Lunde og Onarheim som er ferdigstilt.

Tabell 4.4.7: Oversyn over gjennomførte tiltak i bygga i 2013.

Eigedom	Drift/ved likehald	Tiltak
Skulebygg		
Tysnes skule	x	Symjehall/garderobe malt utvendig der fasaden er skifta ut
Onarheim skule	x	.
Uggdal skule	x	Adm.bygg malt utvendig
Føreskulebygg		
Vågsmarka barnehage	x	Oppgradering av leikeplass og utviding av parkeringsplass for tilsette
Stjernereiso barnehage	x	Maling av leike- og vognskur. Montering av leikeapparat/ferdigstilling uteområde
Onarheim barnehage	x	Maling av leikehytte. Oppgradering av uteleikeplass ved skulen for å tilfredsstillle plassbehov ved utviding av barnehagen. Eit klasserom på skulen tilrettelagt for barnehagen
Lunde barnhage	x	Ferdigstilling leikeplass/parkeringsplass
Helse- og sosialbygg		
Vågsmarka bufellesskap	x	
Haugen bufellesskap	x	
Trygdebustader Våge	x	
Trygdebustader Uggdal	x	
Trygdebustader Hovland	x	Malt utvendig
Omsorgsbustader Våge	x	
Omsorgsbustader Peralio	x	
Omsorgsbustader Uggdal	x	
Omsorgsbustader Hovland	x	To leilegheiter pussa opp
Hovland aldersheim		Kun tilsyn
Tysnes sjukeheim	x	Utfordringar fyrrom. Beredskapstiltak forberedt i tilfelle driftsstans.
Andre bygg		
Rådhuset	x	
Tinghus m/ stall		Kun til-

	syn	
Tysneshallen	x	
Prestebustad Jensvoll	x	Planlagt oppussing inne/ute neste år. Dette rakk ein ikkje over i 2013.
Legebustad Våge	Kun til- syn	
Gjennomgongsbustad Uggdal	Kun til- syn	
Utestasjon Eredalen	Kun til- syn	

4.4.7.2 Kommunale vegar, kaier og bruer

Kommunen har i 2013 ca. 62 km med lokale vegar, 11 bruer og 9 større kaier som skal haldast ved like.

Det normale vedlikehaldet er i hovudsak utført med egne resursar. Større tiltak og større rutinemessige og preventive tiltak er som hovudregel innleigd frå lokale entreprenører eller frå firma med rett kompetanse.

Brøyting og strøying er sikra gjennom brøyteavtalar med ei rekke lokale entreprenører. Avtalane var reforhandla i 2013 med mindre endringar både økonomisk og med omsyn til brøyteruter. Avtalane gjeld inntil ein av partane seier opp sin avtale.

I møte i juni hadde kommunestyre sak til førehaving om kommunale kaiar, i denne saka går det fram at kommunen vil redusera talet på kaiar monaleg i åra som kjem, parallelt vert det arbeid med eit kaianlegg som stettar dagens krav. Kommunen er pålagt årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaier. Førre rapport synte ei negativ utvikling for kai Flatråker. Etter siste kontroll blei kaien noko nærare vurdert, og utviklinga syner ein mindre negativ enn før konkludert. Elsakervågen kai har vore stengd og har vore greia ut med omsyn til oppgradering og utviding. Kaien er no vedteken å selja. Amlandstø kai er òg stengd og er vurdert selt. Grunna-sundet bru (til Skorpo) må utbetrast. Elles er det foreslått tiltak i rapporten som ikkje er pre-kære tiltak og som vil bli vurdert fortløpande.

Tabell 4.4.8: Oversyn over kaier og bruer

Nummer	Objekt	Status	Tiltak 2013
1	Bru – Skorpo	Må gjennomførast tiltak i overgang mellom veg og bru	nei
002A	Kai – Tømmerkai Flatråker	Skogeigarlaget	
002B	Kai – Gammal ferjekai Flatråker	Bjelker korroderer, og må haldast auga med.	nei
3	Bru – Til Sjø og Fritid	Ingen merknad	ok
4	Bru – Uggdal kyrkje G/S	Ingen merknad	ok
5	Bru – Heie Økland	Ingen merknad	ok
6	Bru – Frøkedal bru	Ingen merknad	ok
7	Bru – Hopsund bru	Ingen merknad	ok
8	Bru – Solheimsdalen	Ingen merknad	ok
9	Bru – Solheimsdalen 2	Ingen merknad	ok
10	Bru – Vatne	Ingen merknad	ok
11	Bru – Myrdal bru	Ingen merknad	ok

12	Bru – Lunde bru	Ingen merknad	ok
13	Kai – Onarheim kai	Stengd	nei

Det var ei målsetjing om å få lagt asfalt i 2 nye kommunale felt samt å få asfaltert nokre mindre vegstubbar sumaren 2013. Grunna ein svært pressa situasjon hos entreprenør blei asfaltering utsett til ut over hausten. Konsekvensen av dette var at me berre fekk ei avgrensa asfaltering på nokre mindre vegstubbar, og etablering av vedtekne fartshumpar.

Tabell 4.4.9 Asfaltering

Objekt	Omfang	Merknad
Vattedal	ca. 100 meter	Øvre del av vegen til Vattedal har lenge vore dårleg
Vågsmarka 5	5 fartshumpar	Fartshumpar blei etablert etter ønskje frå vellaget og etter vedtak i L/T utval
Lundehagen 1	3 fartshumpar	Fartshumpar blei etablert etter ønskje frå vellaget og etter vedtak i L/T utval

4.4.7.3 Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning

Det er ikkje etablert nye større anlegg innanfor tenesteområde i 2013. Det har heller ikkje vore større driftsproblem med anlegga.

Driftssituasjonen er likevel lite tilfredstillande i fleire lokale områder. Mellom anna bør slamavskiljar Lunde sentrum utvidast som følgje av ei utbygging av bustadfelt Kattaland. Pumpeanlegget i Våge er også eit anlegg som er sårbart og som kan ved ein driftsstans føra til lokal ureining. Det er også fleire andre lokale område kor ureiningssituasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggjast og tiltak iverksetjast. Tidlegare pålegg må følgjast opp og slutførast. Overvatn i kloakkanlegget blir meir og meir eit problem som må løysast.

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Kommunen har likevel eit ansvar for den overordna beredskapen. Det er sett av pengar til utarbeiding av nye hovudplanar for både vatn og avlaup, arbeidet vert å følgja opp i 2014.

Tysnes kommune har lagt ut renovasjon til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

4.4.7.4 Kyrkjegardar

Kommunen yter teneste til kyrkjevevja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Det har berre vore gjennomført rutinemessig arbeid og vedlikehald på gravplasser i 2013.

4.4.7.5 Utviklingstrekk og mål

Kommunen har ei målsetjing å redusera talet på kommunale eigedomar. I den samanheng vart Lunde og Myklestad barnehage seld i 2013. I 2013 vart det også lagt fram ei sak som staka ut kursen for kommunen si vidare satsing på kaiar, den valde strategien inneber avhending av ein rekkje av dagens kaiar. Det bør tilsvarande gjerast ei vurdering om ikkje ein del kommunale vegar kan nedklassast til privat veg. Eining for teknisk drift vil med denne utviklinga over tid nytta mindre resursar til vedlikehald.

Me har i dag berre ein person på veg og avlaup noko som er ei minimumsbemanning. Veg og avlaup er samfunnskritiske funksjonar og manglande kompetanse og beredskap kan føra galt av stad. Eininga må derfor finna løysingar innafor, eller saman med eksterne, for å imøtekoma krava. Kommunen har lenge hatt planer om å utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prio-

riterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak og også for å vurdere framtidig organisering av tenesta.


Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevegane som på riks- og fylkesvegane. Ei målsetjing er å rullera tiltaka i trafikksikringsplanen ein gong kvart år i samband med budsjettarbeidet.

I den seinare tid har det vore relativt stor aktivitet innan bygging av bustader og etablering av nye byggeområde. Kommunen har hovudplanar for vassforsyning og avlaup. Desse planane er ikkje revidert sidan dei blei utarbeida på slutten av 1990-talet, og er såleis forelda.


Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane."

Vassforsyninga i Tysnes kommune er bygd ut og drifta av dei private vassverka i Våge, Uggdal, Onarheim og Lundegrend. Kommunen erfarer at dette i enkelte høve kan skapa utfordringar ved planlegging, finansiering og beredskap. Kommunen har ei målsetjing om å bidra til eit samarbeid der vassforsyning og avlaup kan koordinerast både med omsyn til utbygging og drift.

ORGANISASJONSKART



Politisk organisering 2013 – for nærare informasjon sjå www.tysnes.kommune.no



Administrativ organisering 2013

Tysnes hadde i 2013 framleis ein etatsstruktur, men med noko tilpassingar som følgje av endringar gjort med verknad frå september 2012.

Det har vore konstitueringar i landbruk-og teknisk etat og i helse- og sosialetaten. I landbruk- og teknisk etat er det konstituert i deler av fagområde til etaten, medan det øvrige har vorte lagt til rådmannen.

I årsmeldinga og i budsjettsamanheng er dei einingane som har rapportert til rådmannen lagt under sitt opphavlege etatstilhøyre.